



# Årsrapport 2019



Lotteri- og  
stiftelsestilsynet

Illustrasjoner: Trond Kulterud, HAN SOM TEGNER

Grunnlagsdata for tal og statistikk i årsrapporten finn du på nettstaden vår: [www.lottstift.no](http://www.lottstift.no)

# Innhald

## ■ Del I – Oppsummering

Direktøren har ordet .....	4
----------------------------	---

## ■ Del II – Introduksjon

Dette er Lotteri- og stiftelsestilsynet .....	6
Organisasjonen i 2019 .....	8
Leiargruppa i 2019 .....	9

## ■ Del III – Aktivitetar og resultat

Slik jobbar vi for å sikre ansvarlege pengespel .....	10
Slik jobbar vi for å sikre ei sterk frivilligheit .....	26
Slik jobbar vi for å sikre trygge stiftelsar .....	33
Lotteri- og stiftelsestilsynet skal vere ein tydeleg og relevant samfunnsaktør .....	39

## ■ Del IV – Styring og kontroll

Intern styring og kontroll .....	45
----------------------------------	----

## ■ Del V – Framtidsutsikter

Vurdering av framtidsutsikter .....	48
-------------------------------------	----

## ■ Del VI – Årsrekneskap

Leiinga sin kommentar til årsrekneskapen .....	50
Prinsippnote til årsrekneskapen .....	52
Bevilgningsrapport for 2019 .....	53
Artskontorrapport for 2019 .....	55
Notar .....	56



Samfunnsoppdraget illustrert av  
Han Som Tegner, Trond Kulterud.

Direktøren har ordet:

## Ambisiøst og motiverande samfunnsoppdrag

Lotteri- og stiftelsestilsynet er eit av samfunnets viktigaste verkemiddel for ansvarlege pengespel, sterk frivilligheit og trygge stiftelsar. Dette er samfunnsoppdraget vårt, og det er dette måloppnåinga vår er knytt til. Alt arbeid og alle prioriteringar vi gjer, skal vurderast opp mot kva som gjer oss best i stand til å utføre samfunnsoppdraget og oppfylle krava i tildelingsbrev og styringsdialog. Desse krava og andre viktige mål har vi oppfylt i 2019.

Ansvarlegheit er fundamentet for den norske pengespelmodellen. Norske politikarar har bestemt at ansvarlegheit skal telje meir enn profit. Vi har derfor i 2019 prioritert å føre tilsyn med at dei norske einerettsaktørane, Norsk Tipping og Norsk Rikstoto, etterlever rammeverket for ansvarlege spel og marknadsføringsreglane. Vi har samstundes prioritert arbeidet med å stoppe det ulovlege tilbodet av pengespel i Noreg. Her vil vi framheve arbeidet med å hindre dei ulovlege aktørane i å marknadsføre og tilby spela sine i ulike kanalar. I tillegg har vi i 2019 særleg prioritert arbeidet med betalingsformidlingsforbodet, som er eitt av verktøya vi har i jobben med å gjere det meir krevjande for utanlandske spelselskap som opererer i Noreg utan lov. Vi opplever at modellen framleis er under press frå aktørar som ønsker ein lisensmodell. Samtidig registrerer vi at modellen står stadig sterkare både juridisk og politisk. Det gjer jobben vår enklare.

På stiftelsesfeltet valde vi i 2019 å bruke meir av tida vår på rettleiing av stiftelsane. Vi erfarer at dei aller fleste feil som blir gjorde, skuldast manglande kunnskap og ikkje vond vilje. Ein viktig del av jobben vår er å sette styra i stiftelsane i stand til å realisere stiftelsens formål på ein best mogleg måte. Vi meiner vi gjer det best ved å hjelpe der vi kan, og reagere der vi må.

Momskompensasjonsordninga er viktig for frivillige lag og organisasjonar. I 2019 blei saksbehandlinga gjennomført etter ny forskrift. Det gav nokre særlege utfordringar, slik endringar i lovverk alltid gjer. Sjølv om vi informerte breitt om nye krav, var det likevel over 800 søkarar som ikkje var registrerte i Frivilligregisteret, og som derfor fekk avslag. Til gjengjeld var det over 100 nye små lag og foreiningar som naut godt av forskriftsendringa. Ut frå vår vurdering har endringane i stor grad virka slik dei var tenkt. Vi ser mellom anna at det er meir til dei små etter omlegginga.

På kampfiksingsområdet har vi gjort ei trusselvurdering av sju utvalde idrettar i Noreg. Funna gir oss viktig kunnskap om kva truslar norsk idrett står overfor. Vi ser mellom anna at fotball og hestesport er dei mest utsette idrettane.

Vidare har vi i 2019 fasa inn ei ny oppgåve: kvitvaskingsansvar for regulerde pengespelaktørar. Vi er godt i gang med arbeidet, men ser at det er eit krevjande område å følge opp – både for aktørane og for oss.



*Samfunnsoppdraget vårt er både krevjande og motiverande. Krevjande fordi det er ambisiøst. Motiverande fordi vi får eit betre samfunn når vi lukkast.*

Lotteri- og stiftelsestilsynets strategi er ambisiøs både på vegner av samfunnsoppdraga våre og på vegner av organisasjonen. Vi arbeider kontinuerleg med å forbetre eigne arbeidsprosessar, og vi leitar etter nye og meir effektive måtar å utføre oppdraga våre på. Ved å effektivisere kjerneoppgåver får vi frigjort ressursar vi kan bruke på oppgåver som gir høg verdiskaping for samfunnet. Eit døme på dette er deling av kunnskap som vi allereie har, og utvikling av ny og etterspurd kunnskap på alle fagområda våre. Vi er ekspertar på våre fagområde, og vi har ein kompetanse som det er viktig å bruke i utvikling av kunnskap på desse områda. Dette er det viktig for oss å dele, og på ein slik måte at det når publikum. Dette har vi jobba mykje med i 2019, og vi ventar at dette arbeidet vil halde fram med å bere frukt også i 2020.

I 2019 har vi også hatt ein gjennomgang av dei administrative tenestene våre og sett på korleis vi bruker ressursane våre på interne oppgåver. Vi leverer også her tenester av høg kvalitet, men gjennomgangen viser at vi har potensial til å utnytte ressursane enda betre. Arbeidet med dette held fram i 2020.

Også på økonomisida har vi gjort endringar. Vi har mellom anna lagt meir vekt på langtidsbudsjettering og tettare budsjettoppfølging.

2019 har vore eit år med høg omstillingstakt i Lotteri- og stiftelsestilsynet. Ikkje fordi vi må, men fordi vi ønsker å vere ein organisasjon som leverer godt også i dei kommande åra. Vi har brukt ressursar på å ruste organisasjonen for framtidige endringar i arbeidsmåtar og for nye krav til leveransar. Organisasjonen har arbeidd med dette samla, og endringane er godt forankra. Optimisme, endringsvilje og eit ønske om å lukkast med samfunnsoppdraget er det som har prega Lotteri- og stiftelsestilsynet i 2019. Det lovar godt!

Eg er ikkje i tvil om at dei endringane som er gjort i 2019, har styrkt organisasjonen og vår evne til å levere enda betre på våre område framover. Endringane har også til ein viss grad vore nødvendige for å oppfylle dei krava vi vil møte framover, og for å klare å utføre eit krevjande samfunnsoppdrag, særleg på pengespelområdet.

I denne årsrapporten kan du lese meir om korleis vi har løyst samfunnsoppdraget vårt, og kva resultat vi har oppnådd med arbeidet vårt. Vi rapporterer også på dei formelle krava og presenterer kunnskap om fagfelta våre.

Etter mi vurdering har Lotteri- og stiftelsestilsynet på ein god måte oppfylt dei krava som er stilt til oss i styrande dokument for 2019.

God lesnad!

  
Gunn Merete Paulsen





# Dette er Lotteri- og stiftelsestilsynet

Lotteri- og stiftelsestilsynet er eit av samfunnets viktigaste verkemiddel for å sikre ansvarlege pengespel, sterk frivilligheit og trygge stiftelsar.

Lotteri- og stiftelsestilsynet ligg i Førde i Vestland og er underlagt Kulturdepartementet. Tilsynet består av to fagtilsyn med felles administrasjon og direktør.

Lotteritilsynet fører tilsyn og kontroll med dei statlege pengespela for å sikre at dei held seg innanfor rammene som gjeld for ansvarlege pengespel. Vi jobbar også for å sikre at aktørar som driv ulovleg, ikkje skal få fotfeste.

I tillegg sørger tilsynet for at spelemidlane frå dei regulerte aktørane kjem det norske samfunnet og frivilligheita til gode. Lotteritilsynet er tilsynsorgan for Grasrotandelen. Vi forvaltar også ordninga med momskompensasjon for både frivillige lag og organisasjonar og bygging av idrettsanlegg.

Tilsynet jobbar dessutan med å hindre kampfiksing og manipulering av idrettskonkurransar og følger opp kvitvaskingslova på lotteri- og pengespel-feltet.

Stiftelsestilsynet skal sikre at norske stiftelsar driv lovleg og i tråd med formålet, men også bidra til at stiftelsar blir ein attraktiv måte å utvikle samfunnet på. Vi både rettleiar og fører tilsyn med norske stiftelsar. Tilsynet jobbar også med å dele kunnskap om rolla stiftelsar spelar i det norske samfunnet. I tillegg godkjenner vi endringar i private beslagsforbod, bandlagt pliktdelsarv, uråderettsklausular og samvirkeføretak.

Tre nasjonale register blir drifta av Lotteri- og stiftelsestilsynet. Alle norske stiftelsar er registrerte i Stiftelsesregisteret. I Lotteriregisteret ligg informasjon om lag og organisasjonar som har løyve til å skaffe seg lotteriinntekter. Anleggsregisteret har informasjon om anlegg for idrett og fysisk aktivitet, kulturarenaer, løypetiltak i fjellet m.m. I alle tre registera kan publikum søke fram informasjon.

## Tilsynet sine oppgåver

Tildelingsbrevet for 2019 definerer Lotteri- og stiftelsestilsynet sine overordna mål slik:

- sikre eit attraktivt og forsvarleg lotteri- og pengespeltilbod i Noreg
- førebygge negative konsekvensar av lotteri- og pengespeltilbodet
- sikre fordeling av inntekter frå lotteri og pengespel i tråd med lover og forskrifter
- sikre at forvaltninga av tilskotsordningane på frivilligområdet følger regelverket
- bidra til å skape tryggleik og tillit til stiftelsar som organisasjonsform
- vere ein tydeleg og relevant samfunnsaktør
- sørge for effektiv og god styring av verksemda

Oppfølging av desse måla er nærare konkretisert slik:

- sette i verk effektive tilsyns- og kontrolltiltak der risikoen for, og konsekvensane av, brot på regelverk er store
- utvikle fagområda og formidle relevant informasjon til alle interessentar
- førebygge speleproblem og bidra til å redusere negative konsekvensar av uheldig speleåtfærd
- vidareutvikle dei ulike registera
- hindre manipulering av idrettskonkurransar i Noreg
- førebygge kvitvasking innanfor pengespel
- føre tilsyn med Grasrotandelen
- drive effektiv forvaltning av tilskotsordningane
- sikre effektiv og riktig saksbehandling i forvaltningssaker
- utvikle strategi- og innovasjonsarbeidet
- drive heilskapleg og tydeleg leiging
- styrke internt samarbeid i verksemda
- sørge for effektiv og sporbar tilskotsforvaltning
- utvikle og fornye kompetanse


## Budsjettramme for 2019

Lotteri- og stiftelsestilsynet er sjølvfinansiert med gebyr og avgifter. I 2019 var budsjettramma slik:

- gebyr og oppdrag (inkl. handlingsplanmidlar): kr 21 375 057
- årsavgift for stiftelsar: kr 24 609 739
- refusjon – Norsk Tipping og Norsk Rikstoto: kr 41 197 000

Lotteri- og stiftelsestilsynet fører rekneskap etter kontantprinsippet.


## Organisasjonen i 2019



### Samarbeidsorgan og forum Lotteri- og stiftelsestilsynet deltar i

- lokalt: IT-Forum Vest, Framtidsfylket
- nasjonalt: Brønnøysundregistra, politiet, Medietilsynet, Forbrukarombodet, Finanstilsynet, ulike bransjeforeiningar m.m.
- internasjonalt: nordiske styresmakter på pengespel- og stiftelsesfeltet, GREF, IAGR, EFC, Network of National Platforms

## Organisasjonen i 2019



**Tabell 1: Utvalde volumtal**

Tabellen syner volumtal for Lotteri- og stiftelsestilsynet sine kjerneområde.

Volumtal	2016	2017	2018	2019
Tal godkjende lotteriverdige organisasjonar	5 351	5 378	5 349	5 255
Tal organisasjonar med løyve til bingo	3 530	3 527	3 487	3 457
Tal registrerte stiftelsar	6 968	6 814	6 718	6 589
Tal næringsdrivande stiftelsar	844	837	827	819
Tal søknader om momskompensasjon for frivillige organisasjonar	1 448	1 584	1 730	1 921
Tal søknader om momskompensasjon for idrettsanlegg	419	512	490	538
Tal journalførte saker i tilsynet samla	30 322	30 831	31 679	31 294
Tal sidevisningar på tilsynets nettsider	567 238	647 046	773 334	734 346
Tal oppringingar til Hjelpelinjen for speleavhengige	840	1 019	902	800

**Tabell 2: Utvalde nøkkeltal frå årsrekneskapen**

Nøkkeltal frå årsrekneskapen	2016	2017	2018	2019
Tal årsverk	68	67	62	63
Samla utgiftsløyving inkl. tilskotsordningar	1 570 844 000	1 591 506 000	1 815 702 770	1 989 415 500
Rekneskapsførte driftsutgifter	77 560 415	90 512 183	93 903 084	93 327 774
Lønsdel av driftsutgifter (pst.)	61,1	59,2	61	61
Løn og sosiale utgifter per årsverk	696 467	820 483*	839 185*	863 327*
Samla rekneskapsførte inntekter	87 969 526	85 297 794	84 509 029	92 044 451

\*Frå 2017 inngår pensjonspremie til SPK, jf. note 2 til rekneskapen.





F.v. Anne-Mette Hjelle, Bjørn Morten Øen, Gunn Merete Paulsen, Henrik Nordal og Siw Heggedal Longvastøl.

## Leiargruppa i 2019

### Gunn Merete Paulsen, direktør i Lotteri- og stiftelsestilsynet

- tilsett som direktør i august 2018
- utdanning: cand.jur. frå UiB, diverse leiarutdanningsprogram
- tilsett i Stiftelsestilsynet frå 2008 til 2015, frå 2011 som avdelingsdirektør
- er tidlegare avdelingsdirektør i Stiftelsestilsynet og har mellom anna erfaring frå advokatfirmaet PricewaterhouseCoopers

### Siw Heggedal Longvastøl, avdelingsdirektør i Stiftelsestilsynet

- tilsett som avdelingsdirektør i 2015
- utdanning: mastergrad i strategisk leiting frå Norges Handelshøyskole og cand.mag. i planlegging og økonomi
- har erfaring frå næringsutvikling, mellom anna som diplomat og leiar for Innovasjon Norges kontor i Sør-Afrika

### Henrik Nordal, avdelingsdirektør i Lotteritilsynet

- tilsett som avdelingsdirektør i 2018
- utdanning: M.Phil. i Peace and Conflict Studies frå Universitetet i Oslo, diverse fagutdanningar innan etterretningsmetode
- har erfaring frå Forsvaret, Etterretningstenesta og Utanriksdepartementet

### Bjørn Morten Øen, avdelingsdirektør for administrasjon i Lotteri- og stiftelsestilsynet

- tilsett i som avdelingsdirektør i 2013
- utdanning: spesialsjukepleiar, organisasjon og leing, nasjonalt toppleiarprogram, gjennomført Solstrandprogrammet i 2018
- har leiarerfaring frå spesialisthelsetenesta

### Anne-Mette Hjelle, kommunikasjonsdirektør i Lotteri- og stiftelsestilsynet

- tilsett som kommunikasjonsdirektør i 2011
- utdanning: Executive Master of Management frå Handelshøyskolen BI, statvitskap grunnfag frå Universitetet i Oslo og sosialøkonomi frå American University i Paris
- har erfaring som journalist i ulike aviser og NRK og som kommunikasjonsrådgivar med eige selskap



## Slik jobbar vi for å sikre ansvarlege spel

Lotteritilsynet skal sikre eit attraktivt og forsvarleg lotteri- og pengespeltilbod i Noreg. Alle våre tilsyns- og kontrolltiltak skal vere baserte på risikovurderingar. Viss det er stor risiko for brot på regelverket, og eventuelle brot kan få store konsekvensar, skal vi sette i verk effektive tilsyns- og kontrolltiltak.

Aktiviteten vår i 2019 identifiserte viktige forbetningspunkt og tiltak for å førebygge negative sosiale konsekvensar knytte til dei mest risikofylte pengespela. Dette reduserte omfanget på den ulovlege verksemda. Vi sikra også fordeling av inntekter frå lotteri og pengespel i tråd med gjeldande regelverk.

Vi skal ha sterk offentleg kontroll med dei norske einerettsaktørane. I 2019 hadde vi to revisjonar med Norsk Tipping og to revisjonar med Norsk Rikstoto. Vi prioriterte å føre tilsyn med om dei etterlever rammeverket for ansvarlege spel og marknadsføringsreglane. Bakgrunnen for denne prioriteringa er kunnskap om at spelarar med risiko for å utvikle speleproblem er meir sårbare for kasinospel, og at dei lettare lèt seg påverke av marknadsføring enn andre spelarar. På same tid er det andre område vi gjerne skulle sett på, men som vi ikkje har ressursar til å prioritere.

Å sikre ansvarlege spel handlar også om at pengespelselskap som ikkje har lov til å tilby og marknadsføre pengespel i Noreg, ikkje skal få fotfeste. Selskapa finn stadig nye metodar, men vi får også stadig betre verkøy for å stoppe dei. Vi ser klare tendensar til at det samla tilsynsarbeidet gjer det meir krevjande for dei ulovlege utanlandske spelselskapa å operere i Noreg.

Eit av verkøya som har vist seg å vere effektive, er betalingsformidlingsforbodet, og arbeidet med dette har vore høgt prioritert i 2019. Vi ser at det er eit

effektivt verkemiddel for å stoppe pengestraumar til og frå ulovlege pengespelselskap. Vi ser også at informasjonsarbeid er eit viktig ledd i arbeidet mot dei ulovlege pengespelselskapa. Dei finn stadig nye vegar for å lirke seg inn i den norske marknaden. Samtidig er det slik at 6 av 10 nordmenn ikkje veit eller er usikre på kven som har lov til å tilby og marknadsføre pengespel i Noreg.\* Derfor har vi prioritert å informere om regelverket til ulike relevante aktørar og i offentlegheita, både nasjonalt og internasjonalt. Slik er vi også ein tydeleg samfunnsaktør.

Å ha streng offentleg kontroll med dei regulerte pengespela og jobbe mot dei ulovlege aktørane bidrar til å førebygge speleproblem og til å redusere negative konsekvensar av uheldig speleåtferd. I 2019 har tilsynet også brukt ressursar på å vidareutvikle Hjelpelinjen for speleavhengige. Målet er at terskelen for å ta kontakt skal bli enda lågare for spelarar og pårørande.

\*Sentio Research AS har i fleire år gjennomført spørjeundersøkingar for Lotteritilsynet. Kvart halvår blir 1 000 nordmenn spurde om deltaking i lotteri- og pengespelmarknaden. Eit av spørsmåla er: Trur du at andre spelselskap enn Norsk Tipping, Rikstoto, Postkodelotteriet eller Unicef-lotteriet har lov til å tilby pengespel på Internett i Noreg, eller trur du at dei ikkje har lov? For 2019 fordeler svara seg slik: Ja, andre har også lov: 34 %. Nei, andre har ikkje lov: 41 %. Ikkje sikker 25 % N = 2 000.

**Mål for Lotteri- og stiftelsestilsynet:**

1. Sikre et attraktivt og forsvarlig lotteri- og pengespilltilbud i Norge
2. Forebygge negative konsekvenser av lotteri- og pengespilltilbudet
3. Sikre fordeling av inntekter fra lotterier og pengespill i tråd med lov og forskrift
6. Være en tydelig og relevant samfunnsaktør

**Styringsparametre:**

- a) Effektive tilsyns- og kontrolltiltak der risikoen for, og konsekvensene av, brudd på regelverk er store.
- b) Utvikle fagområdene og formidle relevant informasjon til alle interessenter.
- c) Forebygge spilleproblemer og bidra til å redusere negative konsekvenser av uheldig spilleatferd.
- e) Bekjempe manipulering av idrettskonkurranser i Norge.
- f) Forebygge hvitvasking innenfor pengespill.
- i) Effektiv og rett saksbehandling i forvaltningssaker.

(Frå Kulturdepartementets tildelingsbrev for 2019)



Lotteri og bingo held stand og er framleis ei viktig inntektskjelde for lag og organisasjonar. Vi behandlar mange reine forvaltningssaker i løpet av året. Det overordna målet er at vi skal behandle alle desse sakene føreseieleg, likt og til gitte fristar. Vi vurderer også heile tida kva som kan forenklast og effektiviserast. Vi har gode erfaringar med bruk av elektroniske skjema, sjølv om det også her er forbettringspotensial.

I 2019 gjorde Lotteritilsynet ei risikovurdering av manipulering av idrettskonkurranser. Vurderinga gir oss kunnskap om kvar vi er sårbare i Noreg, sjølv om risikoen for kampfiksing er lågare her i landet samanlikna med andre land som har gjort same vurdering.

Då det hausten 2018 kom ny kvitvaskingslov, fekk Lotteritilsynet ansvar for å føre tilsyn med at reglane i kvitvaskingslova blir følgde av dei som tilbyr spel med løyve i Noreg. Dette arbeidet starta i 2019. Sidan dette er eit nytt regelverk for aktørane, har vi prioritert informasjonsarbeid høgt. Vi har også gjort ei risikovurdering, som dannar grunnlaget for det vidare arbeidet.

## Sterk offentleg kontroll med einerettsaktørane

Det overordna målet for pengespelpolitikken er å sikre at pengespel skjer i trygge former under offentleg kontroll. Ansvarlegheit er eit nøkkelord.

### Norsk Tipping må redusere marknadsføringa dersom reklametrykket frå utanlandske aktørar blir mindre

Norsk Tipping sin reklame for pengespel er i dag på eit formålstenleg nivå, sett i lys av samfunnsoppdraget og konkurransen frå andre aktørar. Marknadsføring av dei regulerte spela er sentralt for å unngå at dei ulovlege aktørane tar marknadsdelar. Å marknadsføre regulerte spel er i samsvar med EU-/EØS-retten. Men dersom reklametrykket frå ulovlege pengespelselskap i Noreg blir mindre, meiner vi at også marknadsføringa til dei regulerte aktørane må redusereast. Dei regulerte aktørane skal ikkje marknadsføre meir enn det som er nødvendig for å kanalisere spelarar inn i ansvarlege spel.

Den årlege marknadsføringsrevisjonen viste at Norsk Tipping bygger marknadsføringsmåla sine på analysar og kunnskapsbasert innsikt. Norsk Tipping har forklart kvifor det er nødvendig å marknadsføre breidda i speletilbodet, med utgangspunkt i samfunnsoppdraget og konkurransesituasjonen.

Resultatet av marknadsføringsrevisjonen var eitt avvik og fem merknader. I avviket peika vi på at marknadsføringa av kasinospela på selskapet si eiga heimeside var i strid med retningslinjene for marknadsføring. Ifølge retningslinjene skal marknadsføringa vere forsvarleg for å avgrense uheldig speleatferd og overdrive spel. Vidare må ikkje innhaldet gi inntrykk av at deltaking i spel fremmar spelaren sin sosiale status.

Andre tilrådingar frå Lotteritilsynet er at Norsk Tippings vinnarhistorier betre bør få fram det reelle sannsynet for å vinne, og at nivået på pengespremiene i gratiskonkurransar ikkje bør vere for høgt.





## Norsk Tipping sine kasinospel under lupa

Norsk Tipping tilbyr kasinospel med høg risiko for uheldig speleåtfærd på Internett. Målet med den andre revisjonen i 2019 var å kontrollere korleis selskapet følger opp kasinospelarar med middels og høg risiko for speleproblem.

Revisjonen viste at Norsk Tipping har god forankring av samfunnsoppdraget. Dei har etablert internkontroll der dei overvaker speleåtfærsdata, og reagerer når dei avdekkjer spelarar med problematisk speleåtfærd.

Analysar avdekte ein urovekkande vekst i talet på risikospelarar på KongKasino i 2018. Denne veksten er betydeleg mindre i 2019, noko som kan tyde på at spelarane nyttar seg av pauseverktøy og andre beskyttande tiltak, og at desse tiltaka fungerer.

Auken i omsetning på KongKasino kan òg vere ein indikasjon på at Norsk Tipping hentar risikospelarar frå dei ulovlege spelselskapa og såleis lukkast med kanaliseringa.

Revisjonen avdekte to avvik, og begge gjeld oppstilling av Multix- og Belago-maskiner. Norsk Tipping oppfylte ikkje opplæringskrava i lokala der automatane står. Vidare manglar det ein beredskapsplan for korleis selskapet skal handtere utfordringar i lokale med mange risikospelarar.

### Norsk Tipping AS har ikkje lenger lov til å marknadsføre kasinospel

Norsk Tipping har hatt ei opning for å kunne marknadsføre kasinospel, men har gjort det i mindre omfang. Sidan kasinospel er eit risikospel, har det alltid vore strengt regulert. I tidlegare revisjonar har Norsk Tipping fått avikk knytt til innhaldet i marknadsføringa av kasinospel.

Frå og med juli 2019 har ikkje Norsk Tipping lenger lov til å marknadsføre kasino- eller bingospel med høg risiko, som følgjer av ei regelendring frå Kulturdepartementet.

Statleg eigarstyring er med på å sikre effektiv forvaltning og endring av reguleringsiltak ved behov. I Lotteritilsynets rapport til Norsk Tippings generalforsamling i 2019 foreslo Lotteritilsynet fleire forbedringstiltak.

Forslaga handla om kasinospel, marknadsføring og auka bevisstgjerjing om ansvarleg spel for spelarar i risikogrupper. Norsk Tipping har følgd opp forslaga med enten konkrete tiltak eller forskning. Lotteritilsynet er i dialog med Norsk Tipping om framdrift.

I mai 2019 innførte Norsk Tipping ei ny løysing for å logge på Multix- og Belago-automatane. Denne løysinga gjer det vanskelegare for spelarane å bruke andre sine spelarkort for å omgå tapsgrensene. Endringa har medført ein tydeleg reduksjon i omsetning og spelartal, noko som tyder på at tiltaket har verka slik det var tenkt.

## Norsk Rikstoto utan øvre grense for tap

Frå 1. januar 2017 fekk Stiftelsen Norsk Rikstoto ny konsesjon til å tilby totalisatorspel i Noreg. Den nye konsesjonen inneheld nye og endra vilkår for stiftelsen, herunder totalgrense. Dette har vore utfordrande for verksemda.

Frå 2018 har det vore obligatorisk med registrerte spel på unike spelarprofilar. Det har òg vore krav om internkontroll som tar omsyn til at ansvarleg spel er viktigare enn inntekter til gode formål.


Mange nordmenn har ikkje kontroll over spelinga si sjølv, noko som kan få alvorlege konsekvensar for born og ektefelle. Risikoen for å få speleproblem er like stor enten spelaren har god eller dårleg råd. Landbruks- og matdepartementet har tildelt konsesjonen med krav om innføring av ei totalgrense som eit effektivt tiltak for å beskytte dei som mistar kontrollen.

Lotteritilsynet har hatt tett oppfølging av den nye konsesjonen gjennom revisjonar, kontaktmøte og prosjektoppfølgjing hos Norsk Rikstoto. Norsk Rikstoto har etablert eit rammeverk for ansvarleg spel med gode førebyggjande tiltak, men manglar øvre grense for tap.

I samband med arbeidet med ny pengespellov skal Kulturdepartementet og Landbruks- og matdepartementet vurdere om konsesjonen til Norsk Rikstoto skal vidareførast, eller om konsesjonen bør overførast til Norsk Tipping. Medan ein ventar på denne utgreiinga, blei innføring av totalgrense sett på vent hausten 2019.

### Betre informasjon og kompetanse

Det tar tid å opparbeide seg kunnskap om speleåtfærd og spelemønster. Analysearbeidet til Norsk Rikstoto er starta, og Lotteritilsynet følgde det opp i ein eigen revisjon i 2019. Revisjonen avdekte at det er ei prosentvis lita gruppe spelarar



som taper mykje, og som står for ein relativt stor del av omsetninga. Ei totalgrense kunne vore eit grep for å hindre desse spelarane i å tape så store summer.

I Noreg har vi over tid opparbeidd mykje kunnskap om folks spelevarer. Vi analyserer data om speleåtfærd for å finne forbedringstiltak, og det er avsett midlar til forskning. Vi veit at dette arbeidet gir resultat, og rammeverket som regulerer pengespela i Noreg, blir stadig betre.

Lotteritilsynet gjennomførte også ein revisjon av krav til marknadsføring og informasjon om negative konsekvensar av pengespel. Revisjonen viste at Norsk Rikstoto har god forståing av myndigheitskrava, og det er etablert god praksis i marknadsavdelinga. Likevel avdekte vi eitt avvik og påpeika tre forbedringsområde som vi vil følge opp. Lotteritilsynet ser at det vi avdekker, er knytt til informasjon om uheldig speleåtfærd og kompetanse i salskanalane. Dette vil vi ta med oss i det vidare tilsynsarbeidet.

## Slik stoppa vi ulovlege pengespelselskap i 2019

Lotteritilsynet jobbar breitt med å stoppe pengespelselskap som ulovleg tilbyr og marknadsfører pengespel i Noreg. Metodane desse selskapa bruker for å nå potensielle norske kundar, er mangfaldige og kreative.


Vi gir informasjon, råd og rettleiing framfor sanksjonar når det er formålstenleg, men i nokre tilfelle er det nødvendig med sterkare reaksjonar.

### Vedtak om stans for Unibet og Maria Casino

Trannel International Ltd. er den største ulovlege pengespelaktøren som tilbyr og marknadsfører spel i Noreg. Selskapet står bak spelsidene Maria Casino, Unibet, Storspiller og Bingo.

Lotteritilsynet gjorde i 2019 vedtak om å stoppe det ulovlege pengespeltilbodet på dei fire nettsidene til Trannel i Noreg. Det betyr mellom anna at dei må stoppe den ulovlege marknadsføringa av spel retta mot Noreg, og at dei må slutte å legge til rette for betaling av innsats og gevinst i strid med betalingsformidlingsforbodet.

Trannel har sendt klage på vedtaket til klageorgan for avgjerder etter høvesvis pengespellova og lotterilova, Kulturdepartementet og Lotterinemnda. Kulturdepartementet har avslått klagen på alle punkt, og vi ventar på avgjerda frå Lotterinemnda.



## Betalingsformidlingsforbudet

Arbeidet med å stoppe innskot til og utbetalingar frå pengespelselskap som opererer ulovleg i Noreg, har vore eit høgt prioritert område for Lotteritilsynet i 2019. Å hindre utanlandske pengespelselskap i å ta imot innskot frå spelarar og gjere utbetalingar er eit effektivt tiltak, fordi det gjer det vanskelegare for dei utanlandske selskapa å operere i Noreg. Mange spelarar kontakta oss i 2019. Dei hadde satsa pengar hos selskap som ikkje har lov til å operere i Noreg, men opplevde å ikkje få utbetalt gevinsten.

### Stoppa betalingsformidlarar

I 2019 har Lotteritilsynet mellom anna pålagt norske bankar og finansinstitusjonar å avvise pengespeltransaksjonar til og frå bestemte kontonummer. Dette er kontonummer til utanlandske pengespelselskap eller selskap som formidlar betaling på vegner av slike pengespelselskap. Bankane følger vedtaka våre, og det er også bankar som stansar pengespeltransaksjonar på eige initiativ.

Lotteritilsynet ser at utanlandske pengespelselskap bruker formidlingsselskap for å omgå regelverket. Det betyr at pengane går via andre selskap enn pengespelselskapet sjølv, og slik blir det vanskelegare for bankane å oppdage dei ulovlege transaksjonene. Derfor arbeider vi aktivt med å avdekke ulike formidlingsselskap og kontoar som blir brukte til betalingsformidling av pengespel.

I 2019 har vi sendt informasjonsbrev om regelverket i Noreg til åtte ulike selskap som det er grunn til å tru at gjennomfører

betaling av innskot og gevinst på vegner av ulovlege pengespelselskap. Fleire betalingsformidlarar har valt å avslutte pengespeltransaksjonar til Noreg etter å ha fått informasjonen frå Lotteritilsynet.

### Informasjonsbrev til 200 bankar

Ein viktig del av arbeidet med betalingsformidlingsforbudet er å spreie informasjon til dei forbodet gjeld, andre relevante aktørar og spelarar. I juni 2019 blei det vedtatt endringar i forskrift om forbod mot spelbetalingsformidling for å oppnå enda større effekt av forbudet. Endringane tredde i kraft 1. januar 2020 og inneber mellom anna opplysningsplikt og utvida undersøkningsplikt for bankar og andre som har betalingstenester i Noreg. I 2019 har vi sendt informasjonsbrev om betalingsformidlingsforbudet og nytt regelverk til over 200 bankar og finansinstitusjonar i Noreg. Vi har også gjort omfattande endringar på nettsidene våre for å nå ulike målgrupper.

### Forbudet under rettsleg angrep

I arbeidet med betalingsformidlingsforbudet har vedtaka og verkemidla til Lotteritilsynet blitt rettsleg prøvde. To ulike søksmål som mellom anna omhandlar betalingsformidlingsforbudet, har vore oppe i Oslo tingrett i 2019. Dei dreier seg mellom anna om rettsleg grunnlag for å treffe vedtak, forholdet til EU-direktiv og ulike arbeidsreiskapar som bruk av testspeling, informasjonsbrev og innsyn i Valutaregisteret. Staten fekk medhald på alle punkt i dommane. Lotteritilsynet har hjulpet regjeringsadvokaten i arbeidet med sakene og var partsvitne under hovudforhandlingane. Dommane er anka og er derfor ikkje rettskraftige.






## Mindre pengespelreklame på TV og nettaviser

Trenden held fram, og dei ulovlege pengespelselskapa bruker mindre pengar på TV-reklame retta mot norske sjåarar. Det viser ei kartlegging Medietilsynet har gjort.

Kartlegginga viser at reklame for pengespel frå ulovlege aktørar retta mot norske TV-sjåarar gjekk ned med 19 prosent frå august 2018 til juli 2019, samanlikna med same periode året før. Framleis er det likevel mykje ulovleg spelreklame på norske TV-skjermar. Medietilsynet har peika på at fjernsynskanalar som sender frå utlandet, ser ut til å klare å kompensere med andre reklameinntekter.

Pengespelreklamen frå dei utanlandske selskapa er med på å normalisere dei mest aggressive spelformene via nettet, og på å føre vidare og dermed legitimere eit ulovleg tilbod. I 2019 blei eit forslag om lovendring for å stramme inn på marknadsføringsforbodet og ansvarleggjere distributørane sendt ut på høyring. Lotteritilsynet støttar dette forslaget. Når pengespelselskapa ikkje følger norsk lov, må distributørane ta ansvar for å ikkje formidle ulovleg pengespelreklame i sine kanalar.

Samstundes som TV-reklamen minkar, skjer det sjeldnare at Lotteritilsynet avdekkjer og får tips om ulovleg marknadsføring i form av såkalla programmatisk annonser i norske nettaviser. Dette er automatiserte kjøp og sal av annonser via digitale børsar. Annonseleverandørar og mediehus har filter for å fange opp ulovleg reklame, men pengespelselskapa har funne metodar for å omgå desse filtera, og for nokre år sidan såg vi ein auke i slik annonsering.



Dei tre siste åra har vi intensivert arbeidet mot annonseleverandørane og mediehusa med tilsyn og dialog. Arbeidet blei vidareført i 2019, og vi har følgt opp enkeltbrot med informasjon eller varsel.

Etter vår erfaring tar mediehusa problemet på alvor, og dei har sett i verk tiltak for å skjerpe eigne rutinar. Vi såg ein nedgang i denne typen ulovlege annonser i 2018, og inntrykket er at nedgangen held fram i 2019. Såleis kan vi seie at arbeidet samla sett har hatt ein god effekt.

### Fjerne 30 ulovlege appar

I løpet av 2019 kartla vi pengespelappar i App Store frå aktørar utan løyve i Noreg. Like etter årsskiftet sende vi brev til Apple der vi lista opp over 30 pengespelappar i App Store som bryt med det norske regelverket. Vi oppmoda App Store til å undersøke om appane dermed også bryt med deira eigne interne retningslinjer.



Alle appane Lotteritilsynet peika på, kunne vere i strid med regelverket, og Apple valde å fjerne samtlege frå norske App Store. Tilsvarande rapportering og oppfølging blei gjort i 2018. Kombinasjonen av rapportering og sjølvregulering frå Apple ser vi som eit effektivt verkemiddel for å redusere tilgangen til pengespel utan løyve.

Mange nordmenn er på sosiale medium, og vi ser at det er ein attraktiv marknadsføringskanal for utanlandske pengespelselskap. Lotteritilsynet har i fleire år rapportert om ulovleg marknadsføring av pengespel til Facebook, også i 2019. Facebook svara at all innrapportert marknadsføring ville bli fjerna.

På bakgrunn av tips om ulovleg marknadsføring sende vi også i 2019 informasjonsbrev om regelverket til selskapet bak dating-appen Tinder.

Også på Instagram har vi følgt opp tips om ulovleg marknadsføring frå profilar med store følgarmassar, særleg unge følgarar. Dette er ei sårbar gruppe når det gjeld risiko for pengespelavhengigheit, og derfor sende vi ut informasjonsbrev om forbodet mot marknadsføring av pengespel til fleire av desse profilane.

## Nye marknadsføringskanalar

Arbeidet vårt mot TV-reklame og annonsar for ulovlege spel kan ha bidratt til at selskapa bruker mindre pengar på det, men trendar innan marknadsføring kan også ha påverka utviklinga.

Den generelle trenden er at annonsering på redaksjonelle flater går ned, og det er grunn til å tru at dei ulovlege pengespelselskapa flyttar seg over til nye plattformer. Derfor har vi gjort trendanalysar som viser kva plattformer dei kan marknadsføre seg på framover. Analysane viser mellom anna at marknadsføringa kan gå frå få, store plattformer til mange små, og flytte seg over i skjulte nettverk. Det handlar om å vinne samtalen på Internett. Denne innsikta gjer oss i stand til å forstå betre kvar norske spelarar kan bli utsette for ulovleg spelreklame no og i framtida, slik at vi kan prioritere korleis vi skal jobbe framover.

## Spelselskapa går nye vegar for å få publisitet

Dei utanlandske pengespelselskapa går stadig nye vegar for å få publisitet i Noreg. I 2019 har vi mellom anna sett at dei bruker pressemeldingar og store aktuelle hendingar i Noreg for å omgå det norske regelverket. Derfor har vi i 2019 jobba mykje med å informere relevante aktørar om det norske regelverket.

### Pressemeldingar frå ulovlege spelselskap

Å forsøke å få redaksjonelle medium til å skrive om seg er ein av metodane ulovlege pengespelselskap bruker for å nå norske spelarar.

I 2019 reagerte Lotteritilsynet på eit omfattande tal pressemeldingar frå utanlandske spelselskap hos to ulike pressemeldingstenester. Tenestene fungerer slik at ulike aktørar sjølve kan publisere pressemeldingar retta mot media. Pressemeldingane var særskilt knytte til spelselskapa sine ulovlege tilbod av oddsspel.

Etter at pressemeldingstenestene fekk varsel om vedtak med pålegg om å stanse ulovleg marknadsføring og formidling av pengespel, innretta dei seg og fjerna pressemeldingane.

### Ordførarodds og forsøk på sjakkavtale

Spelselskapa prøver også på andre måtar å skaffe seg omtale i media. I samband med kommune- og fylkestingsvalet i 2019 skreiv mange lokalaviser om eit spelselskap som tilbydde odds på kven som blei ordførar etter valet. Spelselskapet hadde aktivt kontakta redaksjonane med lokale odds.

Lokalmedia er ein viktig informasjonskanal for folk, og vi sende derfor eit informasjonsbrev til alle dei største mediekonserna for å gjere redaksjonane merksame på regelverket og metodane spelselskapa nyttar for å få publisitet og legitimitet.

Spelselskapa søker også legitimitet og marknadsføring gjennom samarbeid med norske aktørar. I 2019 fekk Norges Sjakkforbund tilbod om ein avtale med eit pengespelkonsern verd fleire millionar kroner. I eit ope brev til Norges Sjakkforbund åtvare vi mot å samarbeide med eit pengespelkonsern som ulovleg tilbyr og marknadsfører pengespel i Noreg. Saka fekk stor mediemerksemd. Lotteritilsynet nådde breitt fram med faktakunnskap om kven som har lov til å tilby pengespel i Noreg. Norges Sjakkforbund takka nei til avtalen.

I desember tok Norges idrettsforbund og Norges Håndballforbund initiativ til å informere om regelverket for å unngå ulovleg pengespelreklame i samband med kampar under handball-EM i Noreg. Lotteritilsynet bidrog med ein uttale forbunda kunne bruke i arbeidet med å informere andre aktørar.

## Reduksjon i den ulovlege marknaden

Utanlandske selskap tilbyr pengespel på nett utan at dei har løyve i Noreg. Lotteritilsynet har estimert kor mykje nordmenn legg igjen hos desse.

For 2019 anslår vi at netto omsetning eller GGR (omsetning minus gevinstar) ligg mellom 1,7 og 2,0 milliardar kroner, forenkla til 1,85 milliardar. Estimatet er noko lågare enn for 2018 då vi estimerte omsetnaden til å ligge mellom 1,8 og 2,2 milliardar.

Lotteritilsynet har i fleire år estimert kor mykje nordmenn legg igjen i den ulovlege marknaden, men dette er vanskeleg, og metodane endrar seg etter kvart som vi får ny kunnskap. I 2019 bad vi Oslo Economics om ei ekstern vurdering av metodane våre.


Tilbakemeldinga er at vi har ein god strategi for å estimere marknaden når bakgrunnen er prega av vesentleg usikkerheit og avgrensa informasjon. Oslo Economics trekte fram tre styrkar ved metodane våre: enkelheit, transparens og metodetriangulering. Vidare skreiv dei at anslaget vårt for 2018 låg mellom det dei hadde grunn til å tru var høgaste eller lågaste marknadsverdi.

Estimatet for 2019 er berekna med utgangspunkt i fem kjelder: 1) Berekna verdi av marknadsføringa til dei uregulerte selskapa. 2) Omsetninga til Norsk Tipping sett opp mot data frå målingar gjort av Sentio Research AS. 3) Utsegner og rapportar frå den ulovlege bransjen, ei forventning om redusert omsetning i Noreg, til liks med totalt for Norden. 4 og 5) Tal frå analyseselskapa GBGC og H2GC.

Estimatet for 2019 kan ikkje fullt ut samanliknast med tidlegare år, mellom anna fordi vi har lagt til grunn ein reduksjon i omsetning i staden for å skrive fram utviklinga hos Norsk Tipping også for dei utanlandske. Vi har og sett til anbefalingar frå Oslo Economics i vektlegginga av ein skilde parametar.

Estimatet år for år	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Lågt, mill. kr	700	1 000	1 300	1 500	1 800	1 800	1 700
Høgt, mill. kr	1 000	1 300	1 600	1 800	2 200	2 200	2 000

Estimat over ulovleg marknad i 2019, totalt 1,7–2,0 milliardar kroner



## Internasjonalt arbeid blir stadig viktigare

Internasjonalt arbeid blir stadig viktigare etter kvart som pengespelmarknaden blir meir global.

Spelarane deltar gjerne i pengespel på tvers av landegrensene, og då må også dei som skal regulere pengespel i dei ulike landa, snakke saman. Dette gjeld òg for Noreg, sjølv om den norske modellen i stor grad er ein lukka einerettsmarknad.

Konkurrentane til Norsk Tipping og Norsk Rikstoto er store, internasjonale pengespelselskap som trass i det norske forbodet aktivt søker å rekruttere norske kundar. Det er i dag fleire styresmakter som stiller krav om at operatørar som har eller ønsker lisens i deira jurisdiksjon, må respektere reguleringa i andre land og halde seg ute av marknader der dei ikkje er ønskte.

### Nedgåande kurve i spelbransjen

Dialog og samarbeid med internasjonale kollegaer gjer oss betre rusta til å beskytte marknaden vår.

For at Lotteritilsynets regulatoriske verktøy skal ha ønskt effekt, er vi avhengige av å sikre at både internasjonale kollegaer og pengespelbransjen har tilstrekkeleg kunnskap om den norske modellen og ansvarlegheitsrammeverket vårt, og at dei forstår kva som er lov i Noreg. Derfor er det viktig at vi deltar aktivt på konferansar og andre internasjonale arenaer, og ikkje minst at vi tar oss tid til å svare internasjonal presse på ein god måte. Alle jurisdiksjonar har same utgangspunkt: å beskytte marknaden sin.

Styresmakter og bransjeaktørar frå andre delar av verda kontaktar Lotteritilsynet med spørsmål om hospitering, opplæring, erfaringsutveksling og kunnskapsdeling. Vi får også invitasjonar til å tale på konferansar og seminar. I slike tilfelle vurderer vi invitasjonane opp mot kva slags utbytte deltakinga gir, og korleis vi kan bidra. Internasjonal deltaking og internasjonalt

samarbeid skal vere målretta og gi oss betre kompetanse. Såleis er det viktig å vurdere tidsbruk og kostnader opp mot formålet.

### Representasjon internasjonalt


Lotteritilsynet er i dag aktive i dei internasjonale organisasjonane GREF[2], IAGR[3] og EASG[4]. Både GREF og IAGR arrangerer ein årleg konferanse, men har også arbeidsgrupper som jobbar gjennom heile året for å betre og styrke samarbeidet mellom medlemslanda. EASG arbeider for å styrke dialogen mellom medlemmene om fleire spørsmål på pengespelområdet, og arrangerer konferanse kvart andre år.

Lotteritilsynet har i 2019 vore representert med styremedlemmer i både GREF, IAGR og EASG, og frå september 2018 til oktober 2019 hadde Lotteritilsynet presidentrolla i IAGR. Det siste året har Lotteritilsynet møtt internasjonale kollegaer og bransjen, og forklart omsyna bak den norske modellen ved fleire høve, mellom anna på GREF, IAGR, IMGL[5] Masterclass, SNSUS-konferansen og Scandinavian Gaming Show. Vi blei også inviterte av WHO til å delta på deira møte om pengespel og folkehelse i Istanbul, noko som er ei stor anerkjenning av Lotteritilsynets arbeid på dette området.

## Hjelpelinjen med ny nettside og chat

Lotteritilsynet har i 2019 jobba mykje med hjelpetilbodet til speleavhengige og pårørende. Vi har mellom anna utvikla ei ny nettside med chat for å gjere terskelen for å ta kontakt enda lågare.

Vi innførte chat etter ei evaluering av tenesta. Dei som deltok i evalueringa, etterlyste nemleg ei utviding av tilbodet for å gjere det lettare å ta kontakt. Vi har også utvikla to sjølvtestar der spelarar kan få ein indikasjon på om dei har eit problem med pengespel eller dataspel. Ei anna nyheit er at Hjelpelinjen deler historier frå speleavhengige, pårørende og hjelpeapparatet. Bodskapan er at speleavhengigheit er alvorleg, men at det er mogleg å komme seg ut av problema. Hjelpelinjen fekk også opprette si eiga Facebook-side hausten 2019. Den nye nettsida med chat-teneste blei publisert i januar 2020.



### HJELPELINJEN

På Hjelpelinjen kjem du i kontakt med helsepersonell med spesialkompetanse på speleavhengigheit. «Hjelpelinjen» er eit samarbeid mellom Sjukehuset Innlandet og Lotteritilsynet. Lotteritilsynet har resultatansvar, og ansvar for informasjon og marknadsføring.

Hovudmålet med Hjelpelinjen er å hjelpe menneske i krise og vise dei vidare til anna hjelp eller behandling. Hjelpelinjen skal også samle informasjon og fakta om kva spel som er problematiske.

Hjelpelinjen er eit viktig tiltak for menneske med speleproblem og deira pårørande. I 2019 tok til saman 764 personar kontakt med Hjelpelinjen berre om pengespel. 621 tok kontakt på telefon, og 143 via e-post. Dette er omtrent det same som i 2018, då 632 tok kontakt via telefon og 149 via e-post. Det er altså ein liten nedgang i talet på dei som tar kontakt. Så blir det spennande å sjå om chat gjer at fleire tar kontakt i 2020.

Kasinospel, og særleg frå utanlandske spelselskap, dominerer samtalane ved Hjelpelinjen også i 2019, sjølv om det er ein nedgang samanlikna med året før. 46 prosent nemner kasinospel som hovudproblemspel, i 2018 var det 54 prosent. Når det gjeld hovudproblemspel, er det 65 prosent som utelukkande nemner utanlandske pengespel, medan 5 prosent utelukkande nemner Norsk Tipping. I 24 prosent av samtalane blir begge trekte fram.

### Handlingsplan mot speleproblem

Planen (2019–2021) har tre hovudmål:

- Færrest mogleg skal ha problem med spel.
- Kunnskap om spel og speleproblem skal aukast og delast.
- Problemspelarar skal identifiserast tidleg og få god behandling.


Lotteritilsynet har sidan i fjor jobba med å lage ein informasjonskampanje som skal lanserast i 2020. Essensen i kampanjen er at utanlandske spelselskap ikkje tilbyr like ansvarlege spel som dei norske aktørane gjer. Vi ser spesielt på kva konsekvensar spel utan ansvarlege rammer har for problemspelarar og familiane deira. Kampanjen heng tett saman med dei nye nettsidene til Hjelpelinjen.

I 2019 samla Universitetet i Bergen inn data om speleåtfærd og problematisk speling. For første gong har ein også kartlagt kjøp av loot-boxes. Dette er digitale kister, pakkar eller liknande som inneheld tilfeldige gevinstar som kan brukast i spel. Resultata vil bli presenterte våren 2020.

Norsk kompetansesenter for spillforskning fekk i 2019 i oppgåve av Lotteritilsynet å gjennomføre ein kvalitativ studie av spel i bingo-hallar og på travbaner.

Drift av Hjelpelinjen og tilskotsordninga til organisasjonar som arbeider heilt eller delvis med speleproblem, inngår òg i det løpande arbeidet med handlingsplanen.

Prosentvis fordeling av dei fleste spela som er omtalte på Hjelpelinjen – hovudproblemspel og førstegongssamtalar





## Lotteritilsynet melde ulovleg pyramidespel til politiet

For første gong bad Lotteritilsynet hausten 2019 om etterforsking av straffbare forhold knytte til eit ulovleg pyramideliknande omsetningssystem.

Lyonesse er eit ulovleg pyramideliknande omsetningssystem fordi inntektene i hovudsak kjem frå verving av deltakarar. Deltakarane gjer kjøp som i realiteten er vederlag for å få deltakarstatus, og Lyonesse har ikkje dokumentert at inntektene dei har, kjem frå sal av varer eller tenester.

I januar 2019 hadde Lyonesse 175 000 norske deltakarar og om lag 1000 norske lojalitetsbedrifter. I 2016 betalte nordmenn over 200 millionar kroner til Lyonesse, utan å få reelle produkt tilbake som svara til desse innbetalingane.

Lotteritilsynet har tidlegare pålagt Lyonesse å stanse all verksemd i Noreg og fekk medhald i Lotterinemnda i januar 2019. Lotterinemnda konkluderte med at verksemda i Lyonesse har eit omsetningssystem, der Lyconet og Cashback World inngår som delar i systemet. Konklusjonen var at heile verksemda blir råka av lotterilova sitt forbod mot ulovleg pyramideliknande omsetningssystem. Lyonesse har verksemd i fleire titals land verda over. Det norske regelverket tar utgangspunkt i EU-direktivet om urimeleg handelspraksis som gjeld for alle EU-/EØS-land.

I mai 2019 avslo Oslo byfogdembete Lyonesse Norway AS og Lyonesse Europe AG sin førespurnad om å få halde fram verksemda inntil eit eventuelt søksmål.

Då Lyonesse likevel ikkje stansa aktiviteten sin i Noreg, valde Lotteritilsynet hausten 2019 å politimelde fleire juridiske selskap og personar knytte til Lyonesse/Lyconet/MyWorld si verksemd i Noreg. Påtalemakta i politiet avgjer eventuell vidare oppfølging av politimeldinga.

### Dom etter stor pokeraksjon i Oslo

Dommen frå Oslo tingrett av 8. april 2019 kom som følge av at Lotteritilsynet og politiet 1. mars 2018 aksjonerte mot fem pokerklubbar samtidig. Alle klubbane vi aksjonerte mot, blei stengde. Eigaren av pokerklubben Quads blei dømd til 120 dagar fengsel og inndraging av 500 000 kroner og pokerutstyr.

Lotteritilsynet hjalp politiet før, under og etter aksjonen og har vitna i retten.





## Fotball og hestesport mest sårbare for kampfiksing

For å auke kunnskapen om manipulering av idrettskonkurransar gjorde vi i 2019 ei trusselvurdering av sju utvalde idrettar i Noreg. Vi såg på trusselnivået for manipulering av idrettskonkurransar, på kor sårbare idretten er når det kjem til organisering, finansiering, og på kor god oversikt den enkelte idretten har.

Funna viser at fotball og hestesport er mest utsette. Fotball på grunn av mykje større omsetning i spelmarknaden enn dei andre idrettane vi undersøkte. Sjølv om fotball og hestesport er dei mest utsette idrettane i Noreg, er trusselnivået lågt samanlikna med andre land. Det er hovudsakleg fordi idretten i Noreg har ei god, demokratisk og transparent organisering, og fordi retningslinjene gjennomgåande er gode. Fleire andre land har gjerne idrettar som ikkje er like godt organiserte som i Noreg, og det påverkar trusselbiletet. Vi må likevel ta på alvor at enkelte idrettar står overfor truslar på bakgrunn av ein stor og uoversiktleg spelemarknad som også omfattar spelselskap utan løyve i Noreg.

Tilbakemeldingar frå undersøkinga gir oss og idretten viktig kunnskap om kva truslar norsk idrett er utsett for, og kor vi er mest sårbare. Funna vil vi arbeide systematisk med for å vere godt rigga når vi kjem i ein situasjon som krev rask handleevne.

### Styrking av det internasjonale samarbeidet

Året 2019 starta med temaet «Kampfiksing – en trussel for idretten» på idrettsgallaseminaret. Med det retta årets idrettsgalla søkelyset på ein trussel vi må ta på alvor. Kampfiksing kan øydelegge tilliten til idretten om vi ikkje jobbar med å førebygge og avdekke manipulering av idrettskonkurransar.

Bodskapen frå zambiske Nchimunya Mweetwa var umogleg å misforstå. Han oppfylte draumen sin om å spele fotball i Europa. Det enda med ein fengselsdom etter å ha å manipulert fotballkampar. Ein forstår alvoret når slike historier blir fortalde.

Vi har i 2019 styrkt det internasjonale samarbeidet ytterlegare. Det er heilt avgjerande for å lukkast med overvaking av eit problem som i høgste grad er grenseoverskridande.



Fleire land arbeider med å etablere nasjonale plattformer mot manipulering av idrettskonkurransar. Noreg bidrar aktivt til at dei har eit best mogleg kunnskapsgrunnlag når plattformene blir etablerte.

Då vi gjorde risikovurderingar i 2019, var det australske politiet her i ei veke, og dei bidrog i arbeidet med undersøkingane.

### 14 tips og ein sanksjon

Vi fekk i 2019 inn 14 tips om manipulering av idrettskonkurransar som vi vurderte nærare. I eitt tilfelle blei ein person utestengd frå idretten i to år av idrettens doms- og sanksjonsutval. Dei andre tipsa viste seg å ikkje ha grunnlag for sanksjonar.



## Lotteri og bingo

### Tverretatleg samarbeid stengde bingohall

I 2019 gjekk fleire etatar saman om kontrollar av bingohallar i austlandsområdet. Lotteritilsynet var kjent med at det hadde utvikla seg eit uheldig miljø ved enkelte bingoar i Oslo, og vi fekk opplysningar frå politiet som dokumenterte utviklinga og skildra situasjonen.

Kontrollane førte til at Lotteritilsynet for første gong gjorde vedtak om stenging av bingohall med heimel i lotterilova § 14 andre ledd. Paragrafen seier at godkjenning kan kallast tilbake dersom drifta av lotteri har forårsaka gjentatte eller alvorlege brot på ro og orden, eller forårsakar eit miljø som er skadeleg for barn og unge. Stengingsvedtaket er seinare stadfesta av Lotterinemnda. Bingoentreprenøren hadde på dette tidspunktet løyve til å drive fleire bingohallar.

Seks av bingohallane blei mellombels stengde av politiet med heimel i politilova § 7, som handlar om handheving av offentleg ro og orden. Ein av desse blei seinare permanent stengd.

Representantar frå Lotteritilsynet saman med A-krimssenteret i Oslo og Akershus (Skatt Øst, Arbeidstilsynet, NAV Kontroll,

Tolletaten, Oslo kemnerkontor, og Oslo og Øst politidistrikt) gjennomførte kontrollane. I tillegg var representantar frå plan- og bygningsetaten i Oslo kommune med på nokre kontrollar.

Saka er eit godt eksempel på samarbeid på tvers av etatar – mellom politiet, A-krimssenteret og Lotteritilsynet. Denne typen samordna tilsyn vil bli prioritert også i 2020. Når ein jobbar slik, får ein kontrollert fleire aspekt ved bingohallen på ein effektiv måte.

### Ulike typar tilsyn med bingo

Lotteritilsynet gjennomfører to former for tilsyn med bingo. Den mest omfattande er kontroll av bingorekneskap. Alle entreprenørar må sende bingorekneskap til Lotteritilsynet fire gongar årleg. Lotteritilsynet kontrollerte i overkant av 230 bingorekneskap i kvart kvartal i 2019. Halvårlege rekneskap skal også sjekkast mot tal frå spel leverte av Norsk Tipping. Desse rekneskapane medfører ein del oppfølging, og nokre hallar får varsel og pålegg om rettingar. Ein entreprenør mista til slutt autorisasjonen grunna manglande innsending av bingorekneskap og manglande utbetaling av overskot til foreningane.

For å effektivisere saksbehandlingsprosessen har vi i 2019 slutta å bruke papirskjema for entreprenørar, slik at dei berre nyttar elektroniske skjema ved søknad og rapportering. Dette gjer vi for å sikre effektiv forvaltning. Med elektroniske skjema kan vi importere rekneskapstala direkte i registeret vårt, og vi slepp manuell registrering. Vi har jobba for å gjere skjema mest mogleg sjølvforklarande, basert på tilbagemeldingar.

Lotteritilsynet har vidare gjennomført 14 kontrollar i bingo-hallar. Omfanget av kontrollane er alt frå å teste enkeltspel og sjekke om lokalet er ope, til full kontroll der vi sjekkar dei fleste reglane i bingoforskrifta. For nokre bingohallar var det nødvendig å følge opp med fleire kontrollar for å sjekke om dei hadde gjennomført rettingar dei hadde fått pålegg om.

I januar 2019 kom det ei endring i bingoforskrifta. Autospel på databingo er framleis lov, men gevinstar kan ikkje lenger overførast automatisk til spelsaldo. Endringa skal sikre at spelarane gjer eit bevisst val før dei set gevinsten inn att i spel. Også lengda på pausen mellom kvart spel blei endra. Vi har jobba med å informere aktørane om endringane. Entreprenørane fekk tid på seg til å innarbeide endringane i spela. Ein del kontrollar hausten 2019 var retta mot regelverksendringane. Vi fann ikkje vesentlege avvik. Dette viser at entreprenørane har gjort endringane det er krav om, og at informasjonen frå Lotteritilsynet har vore nyttig.

## Omfang av bingospel

Bingo er framleis ei viktig inntektskjelde for mange frivillige lag og organisasjonar.

### Bingo med entreprenør

Dette er bingoar som blir drivne av ein profesjonell aktør, og der godkjende organisasjonar skal ha delar av overskotet frå bingospela. Lotteritilsynet gav 246 løyve til å arrangere entreprenørbingo i 2019. Eitt av løyva blei av ulike årsaker ikkje tatt i bruk. Dei resterande 245 løyva var fordelte på 234 bingo-hallar. Desse løyva gav inntekter til omlag 3 200 organisasjonar.

Som ei følge av endringar i bingoforskrifta i 2019 blei det høve til å spele hovudspel på nett. Hovudspel er det tradisjonelle bingospel som ein tidlegare berre kunne spele på papir. Kvar spelar må registrere seg ved personleg oppmøte i den hallen der vedkommande ønsker å delta. Lotteritilsynet har fått ein del spørsmål om bingospel på nett etter endringane i regelverket.

Det er ved utgangen av 2019 to leverandørar som tilbyr hovudspel på nett. Rekneskap for første halvår viste ei brutto omsetning på 12,9 millionar kroner. Kva konsekvensar og effektar det vil ha på spel i hallane at ein kan spele hovudspel

på nett, er for tidleg å seie noko om, ettersom dette berre har vore i drift nokre månader.

### Foreiningsbingo

Talet på organisasjonar som får løyve til å drive foreiningsbingo, er stabilt.

I 2019 fekk 62 organisasjonar løyve til bingo i lokalradio/ lokal-TV, og 189 organisasjonar fekk løyve til å arrangere foreiningsbingo.

## Mange mista lotterigodkjenninga

Alle organisasjonar som skal ha større lotteri eller få utbetalt overskot frå bingo, poker eller spel på skip, må vere godkjende som lotteriverdige organisasjonar. I 2019 godkjende vi 152 organisasjonar. Også i år var dei fleste i kategoriane idrett og interesseorganisasjonar.

I løpet av året mista 246 organisasjonar godkjenninga. Dei fleste av desse mista godkjenninga på grunn av manglande rekneskapsrapportering.

I 2019 fekk ein ny entreprenør autorisasjon til å drive lotteriverksemde på vegner av lotteriverdige organisasjonar. Ved utgangen av 2019 var det registrert 99 autoriserte entreprenørar.

Lotteritilsynet starta opp kontrollar av 16 lotteriverdige organisasjonar i 2019. Av desse har førebels seks organisasjonar mista godkjenninga. Tilsynet kontrollerer om organisasjonane framleis tilfredsstillar krava til å vere lotteriverdige, og om dei nyttar lotterimidlar i tråd med løyvet.

I tillegg til dette må alle godkjende lotteriverdige organisasjonar årleg sende inn ein enkel rekneskapsrapport. I 2019 mista 210 lotteriverdige organisasjonar godkjenninga på grunn av manglande innsending av denne rapporten. Av desse hadde 51 organisasjonar løyve til lotteri eller bingo.



## Stabil lotterimarknad, men fleire smålotteri

Tradisjonelle lotteri held stand blant frivillige lag og organisasjonar. Ved utgangen av 2019 var det i alt 5255 lotterigodkjende organisasjonar. Dette er 94 færre enn i 2018.

Ein tendens er at talet på smålotteri aukar. Lotteritilsynet reknar i tillegg med at ein del smålotteri blir arrangerte utan å bli melde inn. Det kan vere fordi publikum ikkje kjenner til meldeplikta.

### Lotteri med omsetning mellom kr 100 millionar og 300 millionar

Lotteritilsynet gav i 2017 løyve til fem store lotteri med ni års varigheit.

Krav:

- Organisasjonen må vere samfunnsnyttig eller humanitær.
- Internasjonal aktivitet må utgjere minst 50 % av dei samla rekneskapsførte driftskostnadene til organisasjonen.

### Lotteri med omsetning mellom kr 200 000 og 100 millionar

Lotteritilsynet gav løyve til 124 lotteri som blei arrangerte i løpet av 2019.

Krav:

- Det må vere tradisjonelle førehands- eller etterhandstrekte lotteri.
- Lotterier må haldast med skrapelodd eller rivelodd.

### Lotteri med omsetning under kr 200 000 (smålotteri)

2847 organisasjonar har meldt inn og fått aksept for å ha meldingslotteri i 2019.

Krav:

- Organisasjonen må melde inn lotteriet til Lotteritilsynet 14 dagar før loddsalet startar.
- Organisasjonen må levere rekneskapsrapport i etterkant av lotteriet.

### Trekking av gevinstar ved lotteri

Tilsynet bruker også tid på etterhandstreking av lotteri. Det vil seie at vi trekker vinnarar i lotteri. Dette gjer vi enten undervegs i lotteriet, ved at vi gjennomfører vekes- eller månadstreking, eller vi trekker hovudvinnarar i etterkant av lotteriet. I 2019 gjennomførte Lotteritilsynet 293 slike trekkingar.

## Nøkkeltal lotteriområdet

Område/år	2015	2016	2017	2018	2019
Godkjende organisasjonar per 31.12	5 372	5 351	5 378	5 349	5 255
Autoriserte entreprenørar per 31.12	118	109	110	105	99
Løyve til entreprenørbingo	250	248	248	264	246
Bingohallar med løyve i løpet av året	240	235	238	241	234
Løyve til foreinings- og radio-/TV-bingo	267	255	241	222	236
Aktive store lotteri (kr 200 000–100 mill.)	121	119	126	129	124
Aktive smålotteri (under kr 200 000)	2 424	2 419	2 610	2 702	2 847

## Pengespel i Noreg er eksponerte for kvitvasking

Risikoen er størst for sportsspel, spelterminalar og fysiske kasino på skip, viser Lotteritilsynet si risikovurdering frå 2019.

Då den nye kvitvaskingslova tredde i kraft i oktober 2018, fekk Lotteritilsynet myndigheit til å føre tilsyn med at dei som har løyve til å tilby spel, følger kvitvaskingsregelverket. Lova innfører store delar av EU sitt fjerde kvitvaskingsdirektiv. Mellom anna blei lova utvida til å gjelde tilbydarar av pengespel. Tilsynet starta arbeidet i 2019.

Tal frå FN syner at kvitvasking står for mellom 2 og 5 % av det globale nasjonalproduktet, og det er eit problem som får meir og meir fokus internasjonalt. Eit effektivt grep i kampen mot kriminalitet er å strupe pengestraumane til kriminelle aktørar.

### Risikospel

Risikovurdering er sentralt i arbeidet mot kvitvasking, både hos dei som er rapporteringspliktige, og hos tilsynsaktørane. I 2019 gjorde Lotteritilsynet ei vurdering av risikoen for kvitvasking og terrorfinansiering av pengespel i Noreg. Denne vurderinga har lagt grunnlaget for kva tilsynsaktivitet vi vil prioritere, og kva bransjar og risikofaktorar vi har fokus på når vi fører tilsyn med og rettleiar aktørane.

Risikovurderinga syner at pengespel i Noreg til ein viss grad er eksponerte for kvitvasking, og at risikoen primært er knytt til desse speltypene:

- sportsspel
- spelterminalar
- fysisk kasino i form av spel på skip

I lys av risikovurderinga innleia vi hausten 2019 tilsyn med seks bingoentreprenørar for å sjekke om dei har rutinar for å avdekke kvitvasking. Dei skal mellom anna ha kvitvaskingsansvarleg, rutinar for kundetiltak, undersøkingsplikt, rapporteringsplikt og internkontroll. Resultatet av desse tilsyna vil ikkje bli klart før i 2020.

Pengespel i Noreg har låg risiko for terrorfinansiering. Det er ikkje gjort ei risikovurdering av ulovlege aktørar som tilbyr nettbaserte pengespel overfor den norske marknaden, sidan dei ikkje er ein del av Lotteritilsynets tilsynsområde etter kvitvaskingsregelverket.

### 300 vurderingar av om bingo-entreprenørane er skikka

Kvitvaskingsregelverket stiller krav til at leiing, eigarar og andre sentrale personar hos pengespelaktørar er skikka til å ha verva sine. For å informere om dette har Lotteritilsynet laga ein rettleiar. Tilsynet har også vurdert alle som har slike roller i rapporteringspliktige føretak, basert på innsende skjema. Å vere skikka etter kvitvaskingsregelverket krev plettfriandel. I tillegg må ikkje personen ha vist åtferd som gir grunn til å tru at vedkommande ikkje kan ta hand om vervet på ein forsvarleg måte. Vi gjorde nærare 300 vurderingar i 2019.

### Informasjonsarbeid

Regelverket er omfattande og nytt for aktørane vi fører tilsyn med, og derfor har vi i 2019 hatt fokus på informasjon og kunnskapsbygging.

Vi har oppdatert våre eigne nettsider med ei sjekklister over kva aktørane må gjere for å følge regelverket, og publisert informasjon om mellom anna kvitvasking, rutinar og kundetiltak. Vi viser også vidare til andre relevante nettsider med informasjon.

Aktørane har òg fått informasjon gjennom fleire skriv, både om enkelttiltak dei har plikt til å gjennomføre, og generelle plikter etter kvitvaskingsregelverket. Om hausten heldt vi òg eit informasjonsmøte for speltilydarar. Der informerte vi om regelverket generelt og om kva den einskilde må gjere for å følge regelverket. På møtet svara vi også på spørsmål aktørane hadde om konkrete tiltak.







## Slik jobbar vi for å sikre ei sterk frivilligheit

Lotteritilsynet skal sikre at forvaltninga av tilskotsordningane på frivillighetsområdet er i tråd med regelverket.

Forvaltning av tilskotsordningane krev grundig planlegging. Evaluering, forventa endringar og risikokategorisering av alle søknader er sentralt for å prioritere riktig og sikre lågast mogleg risiko i gjennomføringa. Dette lukkast vi godt med i 2019. Gjennomføringa var i tråd med regelverket og hadde låg risiko.

I 2019 fordelte vi nærare 2,7 milliardar kroner til frivillige lag og organisasjonar. Når pengane skal fordelast, er eit stort maskineri i sving for å sikre at pengane hamnar der dei skal. I 2019 har vi også jobba mykje med å implementere endringar i momskompensasjonsordninga og speleoverskotet frå Norsk Tipping. Lotteritilsynet sitt tilsyn med grasrotordninga førte i 2019 til at 37 grasrotmottakarar mista retten til å få grasrotpengar. Til saman 2,2 millionar kroner er betalte tilbake sidan Lotteritilsynet fekk ansvaret for tilsyn i 2013. Slik er vi med på å sikre at Grasrotandelen i størst mogleg grad kjem frivilligheita til gode.

Vi har også brukt mykje av 2019 på å forenkle for frivilligheita. Lotteritilsynet er mellom anna med i eit prosjekt som skal utvikle ein nettportal med oversikt over alle statlege tilskotsordningar. Målet er at det skal bli enklare for brukarane våre å finne og søke på ulike ordningar. I tillegg jobbar vi med å utvikle eit nytt tilskotssystem med nye elektroniske søknadsskjema.

Dette er viktig for å styrke brukarane våre og for å gjere tilskotsforvaltninga meir effektiv og sporbar.

I 2019 har vi også lagt ned mykje arbeid i å gjere Anleggsregisteret og Stiftelsesregisteret enda enklare å bruke.

### Mål for Lotteri- og stiftelsestilsynet:

4. Sikre forvaltning av tilskuddsordningane på frivillighetsområdet i tråd med regelverket

#### Styringsparametre:

- d. Videreutvikle de ulike registrene.
- g. Førre tilsyn med Grasrotandelen.
- h. Effektiv forvaltning av tilskuddsordningane.
- e. Effektiv og rett saksbehandling i forvaltningssaker.
- d) Effektiv og sporbar tilskuddsforvaltning

(Frå Kulturdepartementets tildelingsbrev for 2019)



## Slik fordelte vi milliardane i 2019

I 2019 fordelte vi nærare 2,7 milliardar kroner til frivillige lag og organisasjonar. Av dette var 1,6 milliardar generell momskompensasjon, over 800 millionar kom frå overskotet til Norsk Tipping, og over 270 millionar var momskompensasjon til idrettsanlegg.

Lotteritilsynet deler kvart år ut pengar frå Norsk Tipping sitt overskot til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar. I tillegg har tilsynet ansvar for fordeling av momskompensasjon til frivillige lag og organisasjonar, og momskompensasjon ved bygging av idrettsanlegg.

### Tilskot frå speleoverskotet til Norsk Tipping

Frå og med tildelingsåret 2018 blei fordelinga av Norsk Tipping sitt speleoverskot til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar lagt om. Tilskotsordninga skal bidra til å trygge viktige samfunnsoppgåver som store landsdekkande organisasjonar utfører på områda helse, sosiale tenester, krisehjelp og støttearbeid pluss natur-, miljø- og dyrevern.

Ordninga skal i tillegg sikre at sentrale rednings- og beredskapsoppgåver kan vidareførast. Difor får dei tre beredskapsorganisa-


sjonane Norges Røde Kors, Redningsselskapet og Norsk Folkehjelp ein fast årleg andel av midlane. Øvrige organisasjonar må søke.

I søknadsåret 2019 var tilskotet som skulle fordelast nær 805 millionar kroner, og blei fordelt slik:

- Norges Røde Kors – 254,3 millionar
- Redningsselskapet – 156,9 millionar
- Norsk Folkehjelp – 19,3 millionar

Det resterande beløpet på 374 millionar kroner blei fordelt mellom 40 landsdekkande samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar etter søknad.

Til samanlikning blei det i 2018 fordelt totalt 794 millionar kroner mellom 376 organisasjonar. Då gjaldt framleis overgangsordninga for dei som tidlegare fekk automatinntekter.




## Momskompensasjon til nær 22 000 organisasjonar


Søknadssummen for den generelle momskompensasjonsordninga var i 2019 på over 2 milliardar kroner. Vi fekk inn 1921 søknader, og av dei blei 1701 godkjende. Organisasjonane fekk utbetalt 1,6 milliardar kroner, med ein innvilgingsprosent på nærare 82 prosent. Nær 22 000 organisasjonar tok del i ordninga i 2019. Dette er ein nedgang samanlikna med året før, noko som heng saman med endringar i regelverket.

Ny forskrift om meirverdiavgiftskompensasjon for frivillige organisasjonar tredde i kraft frå 1. januar 2019. Målet med endringane er å gjere ordninga enklare for organisasjonane, samtidig som endringane skal sikre at midlane går til lag og foreiningar med frivillig aktivitet. Endringane skal mellom anna bidra til at små organisasjonar samla sett vil få litt meir midlar gjennom ordninga.

Momskompensasjon (generell ordning) i tal søknader



Momskompensasjon (generell ordning) i millionar kroner



### Krav til registrering i Frivilligregisteret

Eit eksempel på ei konkret endring er at det blei obligatorisk for alle lag og foreiningar å vere registrert i Frivilligregisteret. Lotteri- og stiftelsestilsynet var klar over at det var mange som måtte registrere seg, og gjennomførte fleire informasjonstiltak. Desse var spesielt retta mot tidlegare søkarar med underledd som ikkje var registrerte. Sjølv om vi gjennomførte fleire tiltak for å få mottakarane til å registrere seg, var det likevel over 800 mottakarar som fekk avslått søknaden sin på grunn av dette.


### Meir til små organisasjonar etter omlegging

Ei anna endring var at minstegrensa for å kunne søke blei sett ned. Denne endringa førte til at vi fekk omtrent 100 nye søknader som tidlegare ville blitt avviste.

Den nye forskrifta inneheldt dessutan endringar som skulle sikre at dei mindre organisasjonane skulle få ein større del av midlane.

I forenkla søknadsmodell var det tidlegare slik at alle søkarane fekk 7 % av godkjent søknadsgrunnlag. Etter endringa får alle 8 % av søknadsgrunnlaget opp til 5 millionar kroner, og så får dei 6 % av søknadsgrunnlaget over 5 millionar kroner. Grensa for når ein søkar skulle gjere frådrag frå søknadsgrunnlaget, blei heva til 5 millionar kroner. Dette gjer ordninga enklare for desse søkarane, og dei vil få utbetalt meir pengar.

Organisasjonar som fekk kompensasjon



**Fleire søknader, men færre deltakande organisasjonar i 2019**

Både tal søknader og søknadssummen aukar kvart år. Søknadssummen auka med 4,33 % frå 2018 til 2019: frå 1,977 milliardar til 2,063 milliardar. Dette er ein lågare vekst enn tidlegare år. Årsaka er mellom anna effektar av endra regelverk. Sjølv om tal søknader har auka, var det færre organisasjonar som fekk tildelt midlar i 2019 enn året før. Reduksjonen på over 2200 organisasjonar skuldast også endra regelverk.

Av alle organisasjonane som inngjekk i ein søknad, var det nærare 1800 som ikkje fekk godkjent søknadss grunnlaget sitt. Av desse var over 200 enkeltstående søkarar, og resten var underleidd eller aksjeselskap. Reduksjonen skuldast i all hovudsak endra regelverk, men vi forventar at noko av effekten knytt til krav om registrering i Frivilligregisteret er midlertidig. Tabellen under viser utviklinga dei siste åra.

Søknadsår	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Tal søkarar	1 079	1 189	1 351	1 448	1 558	1 730	1 921
Tal organisasjonar	17 863	18 900	20 626	22 653	23 486	24 055	21 778
Tildelt/ramme (NOK 1000)	940 966	1 191 554	1 222 201	1 290 951	1 319 002	1 422 459	1 607 600
Søknadssum (NOK 1000)	1 422 920	1 484 043	1 597 299	1 720 704	1 864 335	1 977 442	2 063 058
Godkjend søknadssum (NOK 1000)	1 346 466	1 435 692	1 561 339	1 691 005	1 811 591	1 908 111	1 962 746
Innvilgingsprosent	69,9 %	83,0 %	78,3 %	76,3 %	72,8 %	74,5 %	81,9 %
Tal avslag / avviste søknader	160	149	174	161	162	176	220

**Momskompensasjon til idrettsanlegg**

I 2019 fekk vi 538 søknader med ein samla søknadssum på 294 millionar kroner. Godkjend søknadssum var 271 millionar kroner, og det blei då gitt full kompensasjon. Det betyr at alle som fekk godkjent søknaden sin, fekk utbetalt beløpet dei hadde søkt om.

Vi avviste åtte søknader og avslo seks. Sju søkarar trekte dessutan søknadene sine. Avslaga fordeler seg slik:

	2017	2018	2019
Søknadsbeløp under minstegrensa	4	0	0
Ikkje rett søknadsobjekt	9	1	1
Mangla revisorattest	19	6	8
Andre manglar ved søknaden	21	9	12
	53	16	21

Nytt anleggsregister og elektronisk søknadsskjema har vore i bruk dei siste to åra. Erfaringa så langt er at det nye Anleggsregisteret og søknadsskjemaet sikrar betre kvalitet på søknadene og gjer arbeidet enklare for saksbehandlarane. Det er lite skjønn knytt til denne saksbehandlinga, men det er framleis ein del tekniske manglar ved søknadene som krev oppfølging frå saksbehandlarane.




## Auke i tal søknader


Det har vore ein jamn auke i søknadsmengda sidan starten i 2010, då talet på søknader var 78. Sjølv om tal godkjende søknader auka med 9 % frå 474 i 2018 til 517 i 2019, gjekk godkjend søknadssum ned med 33 millionar kroner, frå 304 millionar til 271 millionar, i 2019. Dette skuldast i hovudsak at søknadene omfatta færre store anlegg i 2019 enn i 2018.

Sidan den totale søknadssummen for søknadsåret blir påverka av om det blir søkt om kompensasjon for store anlegg, er det vanskeleg å seie noko om forventa søknadssum for 2020. I 2020 er ramma for ordninga på 194,5 millionar kroner. Dei siste sju åra har ein gitt ekstraløyvingar dersom ramma ikkje har vore stor nok til å dekke godkjent søknadsbeløp.

Søknader om idrettsmoms i millionar kroner



Tal søkjarar idrettsmoms



## Mista retten til å få grasrotpengar

Lotteritilsynet sitt tilsyn med grasrotordninga førte til at 37 grasrotmottakarar mista retten til å delta i ordninga i 2019.

Etter at Lotteritilsynet i 2013 fekk ansvaret for tilsyn, har 167 organisasjonar mista retten til å delta i ordninga. Til saman 2,2 millionar kroner er betalte tilbake frå 2013 til no.

### Krav om frivillig aktivitet

For to år sidan kom ei ny forskrift som understreka at Grasrotandelen i størst mogleg grad skal komme lag og foreiningar med frivillig aktivitet til gode. Det blei presisert at grasrotmidlane ikkje skal komme nærings- eller privatøkonomiske interesser eller typisk offentlege oppgåver til gode. Dei skal heller ikkje verke konkurransevridande.

Tilsyna som blei avslutta i 2019, førte til at fire organisasjonar blei utestengde på grunn av lite frivillig aktivitet. Ni organisasjonar blei utestengde fordi grasrotmidlane kom næringsinteresser, privatøkonomiske interesser eller typisk offentlege oppgåver til gode.

Gjennom den nye forskrifta fekk Lotteritilsynet betre heimlar for å føre tilsyn med ordninga. Likevel blei det understreka at grasrotordninga framleis skal vere ei enkel, ubyråkratisk lågterskelordning for lokale og regionale lag og foreiningar.

### Nær 700 millionar kroner til grasrota

Frivillige lag og foreiningar i Noreg fekk i 2019 nær 700 millionar kroner i grasrotmidlar. Det er ein auke på over 49 millionar kroner samanlikna med året før. Hovudårsaka er at fleire av Norsk Tipping sine kundar knyter seg til Grasrotandelen. Sidan Grasrotandelen blei lansert i 2009, har totalt 4,5 milliardar kroner blitt utbetalte til grasrota. Om lag 35 000 lag og foreiningar deltar i ordninga. Tal givarar er i overkant av 1,2 millionar.

### Dette er Grasrotandelen

Ein spelar hos Norsk Tipping kan bestemme at 7 prosent av speleinnsatsen skal gå til eit lag eller ein organisasjon som er registrert i Frivilligregisteret og godkjend som grasrotmottakar av Brønnøysundregistra. Dette er Grasrotandelen som spelaren gir til «sitt» lag.





## Vi forenkler for frivilligheita

I 2019 har Lotteritilsynet jobba med fleire store prosjekt som skal gjere det enklare og mindre byråkratisk å vere frivillig i Noreg.



Den teknologiske utviklinga i samfunnet stiller nye krav til meir brukarvenlege digitale tenester. Brukarorientering handlar mellom anna om samordning og gjenbruk av informasjon.

Regjeringa ønsker å få på plass ein nettportal med oversikt over alle statlege tilskotsordningar. Dette er eit prioritert område i stortingsmeldinga «Frivilligheita – sterk, sjølvstendig, mangfaldig» frå 2018. I 2019 sette Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) og Kulturdepartementet (KUD) i gang eit prosjekt som skal utvikle tilskotsregister og nettside, og frivillig sektor har vore pilot. Lotteritilsynet deltar med ein representant i prosjektet.

### Vidareutviklar Frivilligregisteret

Eit anna tiltak i stortingsmeldinga er å vidareutvikle Frivilligregisteret. Registeret er eit offentleg register over frivillige organisasjonar. Målet med å vidareutvikle registeret er at det skal kunne brukast som eit inngangskriterium i ordningar for frivillig sektor. Slik kan ein forenkla og samordne søknadsprosessen for frivilligheita.

Kulturdepartementet inviterte i 2019 Lotteritilsynet med i ei arbeidsgruppe for vidare utvikling av Frivilligregisteret.

### Lotteritilsynet utviklar nytt tilskotssystem

Lotteritilsynet har i 2019 jobba med eit eige prosjekt for å utvikle eit nytt elektronisk søknadsskjema og fagsystem for tilskot. Målet er å fornye både tenestene våre overfor frivillig sektor og dei interne tekniske løysingane og arbeidsprosessane. Dette skal sikre at vi òg i framtida tilfredsstillar krav til sikkerheit, offentlege tenester og saksbehandling. Det nye fagsystemet vil gjere det lettare for oss å styre ressursar til sakene med høgast risiko og sikre betre kvalitet. Det er òg eit viktig mål for oss å få på plass løysingar som rustar oss for framtidig forenkling og utvikling i samsvar med måla i frivilligmeldinga.

Som ein del av utviklingsprosjektet lagar vi eit nytt elektronisk søknadsskjema for dei ordningane som gjeld kompensasjon av meirverdiavgift og fordeling av Norsk Tipping sitt overskot til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar. Søknadsskjemaet for den sistnemnde ordninga har tidlegare berre vore tilgjengeleg som eit PDF-skjema brukarane måtte fylle ut.

Etter planen skal dei frivillige organisasjonane bruke dei nye søknadsskjemaa allereie for søknadsåret 2020. Målet er at søknadsprosessen skal bli enklare for organisasjonane, fordi data blir gjenbrukte. Søkarane skal bli sikrere på at søknaden er komplett, når dei sender han inn. Frå 2020 vil det ikkje lenger vere mogleg å søke på e-post eller papir.

### Lettare tilgjengelege register

#### Anleggsregisteret

Anleggsregisteret er utvikla av Lotteri- og stiftelsestilsynet på oppdrag frå Kulturdepartementet og var klart til bruk innan fristen 1. april 2018.

I 2019 har vi arbeidd mykje med forvaltning og brukarstøtte (support). Vi har dessutan vidareutvikla Anleggsregisteret, m.a. for å handtere kommune- og fylkessamanslåinga 1. januar 2020. I tillegg har vi lagt inn støtte for gards- og bruksnummer på anlegg og gjennomført andre forbetnings- og effektiviseringstiltak.

#### Stiftelsesregisteret

I 2019 flytta vi saksbehandlinga frå Stiftelsesregisteret til vårt saks- og arkivsystem. Med utgangspunkt i dette gjorde vi større interne endringar i funksjonaliteten og brukargrensesnittet til Stiftelsesregisteret. Resultatet er at registeret no ligg på ei meir standardisert, brukarvenleg og moderne plattform. Dette gir i neste omgang effektiviseringsgevinstar i forvaltninga av registeret.

#### Lotteriregisteret

Vi har gjort mindre utviklingsarbeid med utgangspunkt i forskriftsendring, men dette arbeidet er ikkje slutført og vil halde fram i 2020. Utover dette har vi hovudsakleg brukt tid på dagleg drift og forvaltningsoppgåver.



## Slik jobbar vi for å sikre trygge stiftelsar

Stiftelsestilsynet hadde i 2019 som mål å effektivisere tilsynsarbeidet og søknadsbehandlinga, legge til rette for sjølvkontroll, ha tettare dialog med andre tilsynsorgan og auke og formidle kunnskapen om stiftelsar.

For å løyse dette har Stiftelsestilsynet i 2019 mellom anna jobba meir med førebyggjande tilsyn enn tidlegare. Dei fleste stiftelsane ønsker å drive lovlydig og godt, og ved å gjere kunnskap og informasjon lett tilgjengeleg hjelper vi dei med å ta kunnskapsbaserte val. Dette handlar om å bidra til å skape tryggleik og tillit til stiftelsar som organisasjonsform. Men det handlar også om å styrke brukarane og å jobbe smartare.

Dette fører også til at vi får frigjort ressursar til å jobbe med dei sakene som har stor risiko for brot på regelverket. Vi skal føre tilsyn der eventuelle feil vil få store konsekvensar. I 2019 har vi også jobba mykje med å vere tydelege på kva krav som ligg i lova, slik at vi kan gi stiftelsane klar informasjon om kva dei må gjere. Tydelegare prioriteringar fører til at vi jobbar med sakene på ein meir riktig og effektiv måte, og at vi fordeler ressursane i samsvar med kor stor risiko det er for alvorlege lovbrøt.

Stiftelsestilsynet skal også ha effektiv og rett behandling i søknadssaker. Søknadsområdet er ein viktig del av jobben vi gjer. I 2019 tok vi i bruk eit nytt saksbehandlingssystem, og det har effektivisert saksbehandlinga vår. Opplevinga er at saksbehandlingstida er redusert, men det er framleis rom for å effektivisere og digitalisere.

Det er om lag 6600 stiftelsar i Noreg. Det har blitt færre dei siste åra, men det er først og fremst små stiftelsar som blir borte. Dei som kjem til, har høgare eigenkapital og er slik sett sterkare.

Stiftelsesforma er framleis attraktiv. Å formidle kunnskap om samfunnsnyttan av stiftelsar er ei viktig oppgåve for oss. «Samarbeid i konkurransen – stiftelsar inn i framtida» var temaet for Stiftelseskonferansen vi arrangerte i 2019. På same tid viser ei undersøking vi har gjort, at mange nordmenn ikkje kjenner til dei store samfunnsbidraga stiftelsane står for. Undersøkinga gir eit godt grunnlag for å jobbe vidare med å formidle kunnskap om samfunnsbidraga til norske stiftelsar.

### Mål for Lotteri- og stiftelsestilsynet:

5. Bidra til å skape trygghet og tillit til stiftelsar som organisasjonsform
6. Være en tydelig og relevant samfunnsaktør

#### Styringsparametre:

- a) Effektive tilsyns- og kontrolltiltak der risikoen for, og konsekvensene av, brudd på regelverk er store.
- b) Utvikle fagområdene og formidle relevant informasjon til alle interessenter.
- i) Effektiv og rett saksbehandling i forvaltningssaker.

(Frå Kulturdepartementets tildelingsbrev for 2019)

## Meir førebyggjande tilsynsarbeid

Førebyggjande tilsynsarbeid handlar om å gjere brukarane i stand til å finne relevant og viktig kunnskap sjølv, samt at vi rettleiar dei.

### Fleire hundre har tatt ny styretest

Sjølvtesting er ein måte å styrke brukaren på. I 2019 lanserte vi den første sjølvtesten for stiftelsar. Ved å ta testen kan stiftelsane sjølv kontrollere om dei utfører dei mest sentrale oppgåvene i styrearbeidet på ein god og forsvarleg måte. I arbeidet vårt ser vi, både når vi behandlar søknader og når vi fører tilsyn, at styrearbeid er eit tema stiftelsane ofte treng rettleiing om.

656 personar har til no tatt testen. Etter at ein har gjennomført testen, der svaralternativa er ja og nei, kjem det ei oppsummeringsside med tilbakemelding om kva som er på plass, og kva stiftelsen manglar. Stiftelsen får også tilbakemelding om kva alternative tiltak styret kan og bør sette i verk for å oppnå god og forsvarleg forvaltning. Slik gjer vi stiftelsane – på ein enkel og ubyråkratisk måte – i stand til å finne relevant informasjon sjølv.

### Hjelp til sjølvhjelp

I tillegg til sjølvtesten har Stiftelsestilsynet i 2019 laga nye temasider og sjekklister på nettsidene. Vi meiner det lønner seg å gjere meir kunnskap og informasjon lettare tilgjengeleg. Tal direkte førespurnader via e-post og telefon har ikkje gått ned, men vi forventar at arbeidet med meir kunnskapsdeling vil føre til at det gjer det.

Samtidig ser vi at nettstaden har langt fleire besøkande. Stiftelsestilsynet har i 2019 hatt totalt 80 305 sidevisningar på nett, og av desse er 62 166 unike sidevisningar. I fjor var tala 65 549 sidevisningar og 53 829 unike brukarar. Dette indikerer at vi når fram med kunnskapen.

Ei av tilbakemeldingane frå førre brukarundersøking var at vi burde gi tydelegare og meir likearta rettleiing om kva krava i stiftelseslova betyr. Ved å legge meir informasjon på nettsidene vil vi gjere det klarare for stiftelsane kva dei må gjere, og dei kan finne informasjonen sjølv.

Tilsynet har også i 2019 prioritert å gjere kunnskap og erfaring frå tilsyn i enkeltsaker tilgjengeleg for andre stiftelsar. Kunnskapsdeling og openheit rundt tilsyn gir utbytte og læring for andre enn stiftelsane vi har tilsyn med. Fleire temasider er under utarbeiding og vil bli publiserte i 2020, og satsinga på meir førebyggjande tilsynsarbeid vil også halde fram.

## Tilsynssakene

Viss det er stor fare for alvorlege brot på regelverket, og viss eventuelle brot kan få store konsekvensar, opnar vi tilsyn.

Tilsynsarbeidet er organisert slik:

- Førebyggjande tilsyn: Vi gir rettleiing og er i dialog med stiftelsane.
- Tematilsyn: Dersom vi ser at det er risiko for brot på regelverket innanfor visse område, har vi tematilsyn med ei større gruppe stiftelsar og rettleiar stiftelsar.
- Enkelttilsyn: I saker der vi ser at det er stor risiko for brot på regelverket, og at det kan få store konsekvensar, opnar vi tilsyn med enkeltstiftelsar. Dette er ofte basert på tips og meldingar.

I 2019 avslutta vi 352 saker. Om lag 2/3 var førebyggjande tilsynsarbeid. Det vil seie at vi ikkje opna tilsyn, men brukte andre verkemiddel. Rundt 1/3 av sakene enda i tilsyn av ulik grad. Totalt har vi vurdert eller opna større og mindre tilsyn i 251 saker, mot 322 året før. Nedgangen skuldast i hovudsak at Stiftelsestilsynet ikkje har gjennomført tematilsyn i 2019, fordi det er ein aktivitet vi gjer annakvart år.

I 2019 gjennomførte vi 118 enkelttilsyn. I halvparten av tilsynssakene gav vi kritikk. Dette er om lag som i 2018. I 2019 hadde vi 18 store tilsynssaker. Dette er dei mest alvorlege sakene, som krev mest ressursar. I to av sakene avsette vi styret.

Vi ser at fleire sentrale tema i stiftelseslova har vore utfordrande for mange stiftelsar også i 2019:

- utdelingar utanfor formålet, som ved sal av eigedom
- uforsvarleg forvaltning av kapital
- utfordringar i styrearbeidet, til dømes habilitet blant styremedlemmer

Dette er område vi har hatt særskilt rettleiing og kontroll på i 2019, og vi vil prioritere dette vidare i 2020. Vi skal mellom anna ha tematilsyn med fokus på om stiftelsane realiserer formåla sine.

### Tips er viktig

Tips og meldingar er eit høgt prioritert område i Stiftelsestilsynet.

Størstedelen av tilsynsaktiviteten vår er hendingsbasert, og dette krev at vi er fleksible. Tips og meldingar frå publikum, aktørar i eller rundt stiftelsar eller mediasaker er avgjerande for at Stiftelsestilsynet skal få informasjonen vi treng for å kunne trygge norske stiftelsar.

Erfaringa tilseier at det oftast er gjennom tips og meldingar frå personar i eller tilknytt stiftelsane at dei mest alvorlege forholda blir avdekte. I 2019 kom det inn i overkant av 60 meldingar og tips frå privatpersonar. Dette er om lag som i 2018.

## Stiftelsar i Noreg i 2019

Det er om lag 6600 stiftelsar i Noreg. Trenden er at det er små stiftelsar som blir borte, og at dei som kjem til har høg eigenkapital.

### Stiftelsar er framleis ei attraktiv driftsform

Stiftelsestilsynet fekk 106 søknader om nyregistrering av stiftelsar i 2019. Samla eigenkapital for dei nyregistrerte stiftelsane utgjorde i overkant av 3 milliardar kroner. To av stiftelsane var sparebankstiftelsar. Talet på søknader er om lag som i 2018, men dei nye stiftelsane i 2019 har høgare eigenkapital.


Blant dei nye stiftelsane finn vi mellom anna stiftelsar med formål innanfor klima og miljø, ytringsfridom, næringsutvikling, forskning, kunst og kultur, eigeidom og pengeutdeling. Dette viser at stiftelsesforma framleis er ei attraktiv driftsform som blir nytta til å fremme eit breitt spekter av formål.

I 2019 blei det oppretta fleire minnefond som skal vidareføre verdiane til sterke kvinner.

Maren Ueland blei drepen i Atlasfjella i Marokko i 2018. Den 16. desember 2019 blei *Maren Uelands stiftelse for dypere naturforståelse* oppretta av mora, Irene Ueland. Stiftelsen har som formål å fremme Maren Uelands økosofiske visjon, mellom anna ved å støtte urbefolkninga sin kulturarv, ved å støtte tiltak der natur og friluftsliv blir nytta for å fremme god fysisk og psykisk helse, og ved å fremme opplysning, kunnskap og mellommenneskeleg kontakt som førebygger at ekstremisme, fanatisme og hatefulle haldningar får slå rot i eit lokalsamfunn.

Fritt Ords Pris for 2018 blei tildelt VG-journalistane Thor Harald Henriksen og Eirik Linaker Berglund for reportasjen «Den mørke hemmeligheten». Reportasjen handlar om seksuelle overgrep mot barn og unge i Tysfjord. For prisen oppretta dei *Stiftelsen Anne Marlenes minnefond*, som har som formål å bidra til å gjere det lettare å vere barn og ungdom i Nord-Salten-området, og å fremme openheit om seksuelle overgrep og krenkingar. Stiftelsen har fått namn etter Anne Malene Paulsen for å heidre og anerkjenne hennar liv og ønske om openheit om dette temaet. Ho var ei av dei som fortalde si historie, og ho tok sitt eige liv før reportasjen blei publisert.

Namsos-ordførar Ingrid Aune omkom i ei tragisk båtulykke i august 2019. Kort tid etter blei *Ingrid Aunes minnefond* oppretta. Stiftelsen har som formål å dele ut «Ingrid Aunes minnepris» til eit vitenskapleg eller journalistisk arbeid som har bidratt til å sette fokus på tema som Ingrid var opptatt av: nedrusting, fredsarbeid, likestilling og kvinners rettar i konflikt. Stiftelsen kan òg tildele stipend til jenter som ønsker å gjennomføre eit akademisk arbeid innanfor eit av dei nemnde områda.



### Mange kjenner ikkje til stiftelsane og oss

På oppdrag frå oss gjennomførte Respons Analyse i november 2019 ei landsrepresentativ undersøking med 1031 respondentar i alderen 17 til 89 år. Resultata viser følgjande:

- 5 av 10 meiner at stiftelsar er viktige for samfunnet. 4 av 10 svarar at dei ikkje veit, og 7 prosent meiner at stiftelsar ikkje er viktige for samfunnet.
- Berre 1 av 5 nordmenn har høyrte om Stiftelsestilsynet.
- 4 av 10 forbind ikkje stiftelsar med noko (41 %). Av dei som forbind stiftelsar med noko, svarar 2 av 10 «veldigheit» (17 %). 11 % assosierer stiftelsar med foreining/organisasjon, og 10 % med donasjonar/støtte/pengegaver.
- Berre halvparten av befolkninga (54 %) kjenner til ein eller fleire stiftelsar.
- I aldersgruppa 16 til 24 år er det berre 3 av 10 som svarar at dei kjenner til ein stiftelse, medan det i dei eldre aldersgruppene er 5 eller 6 av 10.
- Halvparten av dei som har svara på undersøkinga, kjenner til stiftelsar, og 24 prosent av desse svarar Stine Sofies Stiftelse. 13 prosent svarar Norsk Luftambulans. Kavlifondet, Gjensidigestiftelsen og Olav Thon Stiftelsen er også blant stiftelsane som er mest kjende for nordmenn.
- Av dei som kjenner til stiftelsar (564 respondentar), svarar halvparten at dei kjenner til dei gjennom media. 20 % av dei som kjenner til stiftelsar, har hatt kontakt med ein stiftelse, og 17 % av dei har fått kunnskap gjennom sosiale medium og Internett. 16 % har fått kunnskap via kjende.

Å synleggjere stiftelsesforma og korleis norske stiftelsar bidrar i samfunnet, er ei viktig og sentral oppgave for oss. Undersøkinga gir oss eit grunnlag for å jobbe vidare med å formidle kunnskap om norske stiftelsar til samfunnet generelt.



## Formåla lever vidare gjennom samanslåingar

Ved å slå saman stiftelsar kan ein sikre at formåla lever vidare. Viss stiftelsar har vesentleg like formål, kan dei nemleg slå seg saman – i staden for å avvikle.

I 2019 fekk Stiftelsestilsynet 28 søknader om samanslåing. Det er ti færre enn året før. To av tre søknader i 2019 blei godkjende. Resten blei enten avviste, avslåtte eller trekte. Avslag skuldast normalt at stiftelsane ikkje har vesentleg like formål.

I 2019 handla 10 av 18 søknader om samanslåing av pengeutdelande stiftelsar. I slike saker er alternativet for dei overdragande stiftelsane ofte ei oppheving, sidan kapitalen som regel er for låg til at stiftelsen kan realisere formålet åleine. Vi ser at det er varierende kunnskap om styrets ansvar og handlingsplikt, og her er vi viktige rettleiarar. Styret skal vurdere fleire andre tiltak før dei vel avvikling eller samanslåing. Å avvikle ein stiftelse må vere absolutt siste utveg.

Dei 18 samanslåingane som blei godkjende i 2019, fordelte seg slik: bustadstiftelsar (3), museum/kulturformidling (3), pengeutdelande stiftelsar (10) og religiøse formål (2). Søknadsmassen omfatta i alt 51 stiftelsar, noko som gir eit snitt på nær tre stiftelsar per samanslåing. Samla eigenkapital utgjorde 460 millionar kroner. Dette gir eit snitt på 25,5 millionar kroner per samanslått stiftelse. Dei 51 stiftelsane hadde i snitt ein eigenkapital på 9 millionar kroner før samanslåinga, medan dei 18 samanslåtte stiftelsane hadde ein eigenkapital på 25,5 millionar kroner i snitt. Til samanlikning blei det i 2018 godkjent 27 samanslåingar. Samla eigenkapital i 2018 utgjorde 582 millionar kroner, noko som gir eit snitt på 21,5 millionar kroner per samanslått stiftelse.

Tabellen under viser eigenkapitalen til dei overdragande stiftelsane der søknadene gjaldt pengeutdelande stiftelsar. Tabellen viser at så mange som 18 av dei 19 stiftelsane hadde ein eigenkapital som var så låg at oppheving mest truleg hadde vore alternativet dersom stiftelsane ikkje hadde slått seg saman.

EK overdragande stiftelse (kr)	Tal	Snitt (kr)
Alle	19	1 035 378
0–999 999	13	477 421
1 000 000–5 000 000	5	1 452 342
Over 5 000 000	1	6 204 000

### Samanslått etter 125 års drift

Kjøpmann Hans Andreas Benneche oppretta ved sitt testament *Hans A. Benneches Fond til Videnskabselskabet i Christiania*. Stiftelsen blei oppretta i 1894 med 80 000 kroner i grunnkapital (tilsvarande 6,5 millionar kroner i dag). Fondet skulle årleg dele ut 20 % av avkastninga til stipend for skjønnerlitterært forfatterskap, «dog maa dette ikke tilhøre Retninger, der kommer i Strid med Moralen eller den paa Christendommen grundede Samfundsorden». Det overskytande kunne delast ut til «Udgivelsen af Skrifter inden den historisk-filosofiske Klasse» etter nærare reglar.

Tidleg på 1930-talet skapte ei tildeling for skjønnerlitterært forfatterskap til Sigurd Hoel og Helge Krog reaksjonar frå Den norske forfatterforening. Saka er kjent som Benneche-saka. Det blei hevda at tildelinga ikkje oppfylte statuttane sine krav til kristendom og moral.

I januar 2019 blei Hans A. Benneches Fond til Videnskabselskabet i Christiania slått saman med Det Norske Videnskaps-Akademis Aktivitetsfond. Hans A. Benneches Fond til Videnskabselskabet i Christiania hadde på samanslåingstidspunktet ein kapital på 1 148 669 kroner.

### Dei små stiftelsane dominerer opphevingsakene

Stiftelsestilsynet fekk i 2019 inn 220 søknader om oppheving. Det er omtrent på same nivå som i 2018. I 2019 blei det sletta i alt 225 stiftelsar frå Stiftelsesregisteret: 5 ved konkurs, 47 ved samanslåing, 171 ved oppheving og 2 som ikkje var stiftelsar. Stiftelseslova fastset at restkapitalen ved oppheving skal delast ut til eit formål som stiftelsen har, eller eit liknande formål. For stiftelsane som i 2019 blei sletta etter oppheving, fordeler restkapitalen seg slik:

Restkapital (kr)	Tal	Snitt (kr)
Alle	171	408
0–999 999	160	204 000
1 000 000–5 000 000	10	1 977 000
Over 5 000 000	1	17 600 000



Dette viser at over 90 % av stiftelsane som blei oppheva, i snitt hadde ein restkapital på 204 000 kroner. Vel 5 % hadde ein gjennomsnittleg restkapital på ca. 2 millionar kroner, medan ein stiftelse (Stiftelsen Tromsø Kunstsenter) hadde ein restkapital på 17,6 millionar kroner. Over halvparten av opphevingane gjaldt pengeutdelande stiftelsar. Desse stiftelsane hadde i snitt vore i drift i 47 år.

### Stiftelsen Tromsø Kunstsenter

Stiftelsen Tromsø Kunstsenter blei oppretta av Tromsø kommune i 1980 og fekk då overført to verneverdige eigedomar i Tromsø for å eige og drive dei til ulike kulturformål. Ved overføringa blei det tinglyst at kommunen skulle få eigedomane tilbake utan vederlag dersom stiftelsen skulle bli oppløyst. Kommunen løyvde årlege tilskot til stiftelsen, men dei dekte på langt nær det veksande behovet for renovering og vedlikehald av eigedomane. Då vedlikehaldsbehovet blei prekært, hadde ikkje stiftelsen økonomi til å ta kostnadene. Stiftelsen blei derfor oppheva og bygningane førte tilbake til kommunen for bruk til kulturformål.

### Oppheva etter 101 års drift

Johan Gerhard Theodor Ameln var kjøpmann, skipsreiar og politiker i Bergen. Han var med på å stifte Bergens Kreditbank, Bergens Dampskipsassuransforening og Selskabet for de norske Fiskeriers fremme, og han var mangeårig formann i Bergens Handelsforening. I tillegg var han politiker og sat lenge i Bergen bystyre og formannskap. Han var dessutan ordførar i Bergen og sat ein periode på Stortinget (kjelde: Wikipedia).

*Johan og Rikke Amelns gave til understøttelse av forliste sjøfolks ett* blei oppretta i 1917 med bakgrunn i hans testament. Stiftelsen hadde ein grunnkapital på 100 000 kroner (tilsvarande 3,5 millionar kroner i dag) og hadde som formål å gi støtte til etterlatne etter forliste sjøfolk (skipsførarar, styrmenn, maskinistar og mannskap) frå Bergen og omland. I 2019 blei stiftelsen oppheva etter vel 101 års drift. Ved opphevinga hadde stiftelsen 561 000 kroner i eigenkapital.

### Fleire klagesaker

I 2019 avgjorde Stiftelsesklagenemnda til saman 24 klagesaker. Dette er ein auke frå 13 klagesaker i 2018. Fordi tilsynet behandlar så mange ulike saker frå år til år, er det vanskeleg å seie kva denne auken kjem av.

Flest klagesaker handlar om oppheving av stiftelsar. Vi fekk i alt 220 søknader om oppheving dette året. 171 av søknadene blei godkjende, medan 27 fekk avslag. Resten blei enten avviste eller trekte. Sju av dei som fekk avslag, klaga til Stiftelsesklagenemnda. To av desse fekk medhald. Vilkåra for oppheving er etter lova svært strenge, og det skal mykje til for å få oppheva ein stiftelse. Med tanke på at vi godkjende til saman 171 opphevingar, er det få som klagar.

Klagenemnda si behandling kan vere nyttig for oss, spesielt dersom det er prinsipielle saker. Då tar vi med oss vurderingane deira i det vidare arbeidet.

Avgjerder frå Stiftelsesklagenemnda i 2019. Tilsvarende tal for 2018 i parentes

Vedtak i klagesaker etter sakstype	Tal		Stiftelsestilsynets avgjerd stadfesta	Medhald til klagar (heilt eller delvis)	Klagen avvist
Oppheving av stiftelse	7	2)	5 (1)	2 (1)	
Endring av vedtekter	3	(1)	2 (1)		1
Klage over avvisningsvedtak	6	(1)	3 (1)	2	1
Samanslåing	2	(2)	2 (2)		
Nedsetting av grunnkapital	0	(1)		0 (1)	
Deling av stiftelse	1	(0)	1		
Avsetting av styre	2	(3)	2 (2)	0 (1)	
Nedsetting av honorar	0	(2)	0 (1)	0 (1)	
Omdanning av samvirkeføretak	1	(1)	0 (1)	1	
Omdanning av anna enn stiftelsar (§ 55)	0	(1)			0 (1)
Klage over avslag på sakskostnader	2	(0)	1	1	
	24	(14)	16 (9)	6 (4)	2 (1)
Vedtak om sakskostnader (sett fram for nemnda)	Tal		Krav tatt til følge	Krav delvis tatt til følge	Krav ikkje tatt til følge
	6	(5)	1 (3)	2 (2)	3
Samla tal vedtak	30	(19)			

## Stiftelseskongressen 2019: Stiftelsar orienterer seg mot framtida!

Stiftelsestilsynet skal sørge for at både private og offentlege aktørar kjenner godt til stiftelsar og kva moglegheiter og avgrensingar som ligg i denne organisasjonsforma. I 2019 samla vi 219 deltakarar til den åttande Stiftelseskongressen i Førde. Årets tema var «Samarbeid i konkurransen – stiftelsar inn i framtida».

I eit samfunn med raske endringar kan stiftelsar representere kontinuitet og varige verdiar. Men stiftelsar må også ta stilling til korleis dei best kan realisere potensialet til stiftelsen og orientere seg mot framtida. Styret har ansvar for å maksimere verdiskapinga, men på ein forsvarleg måte. Er det også slik at det er konkurranse om verdiskapinga? Korleis kan i så fall styret posisjonere stiftelsen for å realisere formålet best mogleg?

I parallellsesjonane under kongressen var det erfaringsdeling og diskusjon om relevante spørsmål som styremedlemmer møter på i kvardagen. I tillegg til tema som økonomi og kapitalforvaltning, relevante tema frå stiftelsesretten og ein eigen sesjon for bustadstiftingar var det i år ein tre-timars workshop om krav og forventningar til styrearbeid og styreverv i stiftelsar.

Tilbakemeldinga etter Stiftelseskongressen 2019 er svært god. 89 % av dei som har svara på evalueringa, meiner det er ein viktig møtestad for stiftelsar. 87 % kan tenke seg å komme att.

### Høyringsarbeid er viktig for å sikre stiftelsane

Stiftelsestilsynet bruker ressursar på å delta i høyringar. Kvifor er arbeidet vårt med høyringar viktig for stiftelsane?

Å ha eit oppdatert og velfungerande lovverk er viktig for alle organisasjonsformer. Det tar tid å få ei ny stiftelseslov på plass. Stiftelseslovutvalets utgreiing kom i september 2016, og framleis ventar vi på lovproposisjonen frå departementet. Dette skaper utfordringar både for stiftelsane og for Stiftelsestilsynet. Ofte opplever vi at lovforslaget er gjeldande rett. Rådgivinga vår blir dessutan krevjande når det er klart at det kjem ei ny lov, men det er uklart kva ho vil innehalde av endringar.

Det er vidare ei kjensgjerning at samfunnsutviklinga går uhyre raskt. Det gjer at enkelte av forslaga som ligg i NOU 2016: 21 *Stiftelsesloven – forslag til ny stiftelseslov*, allereie kan vere utdaterte. Til dømes medfører endringar i rekneskapslova at kravet til årsmelding har falle bort for dei fleste stiftelsane. Dette inneber at fleire av lovforslaga til stiftelseslovutvalet må få endra innhald. Det er viktig at den nye stiftelseslova er mest mogleg oppdatert. Dette gjer at Stiftelsestilsynet må følge med på om det er tilhøve som kan påverke arbeidet med den nye stiftelseslova, og som vi må gjere lovgivar merksam på.

Vi erfarer i arbeidet vårt at det gjennomgåande er lite kunnskap om dei særigne reglane for stiftelsar. Det er ikkje berre ålmenta som manglar kunnskap. Det gjeld òg stiftelsane sjølve, lovgivar og andre viktige samfunnsaktørar.




Lasse Lien på Stiftelseskongressen.

At lovgivar har manglande kunnskap, kan få store og ressurskrevjande konsekvensar som ikkje er vurderte opp mot nytten, fordi nye regelverk ikkje tar høgde for den store variasjonen som finst mellom stiftelsane. I 2019 såg vi eit døme på dette då forslaget til ny arkivlov var ute på høyring. Der er det sett fram forslag om at alle rettssubjekt der det offentlege direkte eller indirekte har rett til å velje fleire enn halvparten av medlemmene i det øvste organet i verksemda, skal omfattast av den nye arkivlova. Dette vil i tilfelle få store konsekvensar for mange stiftelsar. Derfor har Stiftelsestilsynet i sitt høyringssvar foreslått at lova får ein unntaksregel for stiftelsar.

Stiftelsestilsynet ser det som ei viktig oppgåve å følge med på, og følge opp, lovarbeid som vil få verknader for stiftelsar basert på organisasjonsforma. Tidlegare år har vi sett at innspel vi har gitt i høyringsrunden, har vore avgjerande for å unngå store negative konsekvensar for stiftelsane. Eit døme er utforminga av regelverket i ny kvitvaskingslov om register for reelle rettshavarar. Likevel vil det regelverket som blei vedtatt om reelle rettshavarar, truleg by på mange utfordringar for stiftelsar i framtida.

Det har i 2019 også vore andre høyringar der nye lovføresegner vil gi utfordringar for mange stiftelsar, mellom anna forslaget til ny forskrift til føretaksnamnelova. Stiftelsestilsynet peika i høyringssvaret sitt særleg på at forslaget til § 2 vil få uheldige konsekvensar for mange næringsdrivande stiftelsar, og vi foreslår som alternativ at kortforma «STI» kan nyttast i staden for «stiftelse».



## Lotteri- og stiftelsestilsynet skal vere ein tydeleg og relevant samfunnsaktør

Vi jobbar breitt med å vere ein tydeleg og relevant samfunnsaktør. Det handlar om alt frå å styrke brukarane våre og forvalte områda våre til å bidra med fakta og kunnskap til folk flest.

Eit av måla til Lotteri- og stiftelsestilsynet er å styrke brukarane. Vi skal vende blikket utover og forstå brukarane våre. Det handlar om at vi skal ta initiativ til å dele innsikta og fagkunnskapen vi har, på ein tydeleg og forståeleg måte. Lotteri- og stiftelsestilsynet har gjort brukarundersøkingar i fleire år, men i 2019 gjekk vi djupare ned i brukarane sine opplevingar med oss. Vi har jamt over fornøgde brukarar, men denne gongen leita vi bevisst etter smertepunkta i brukarane sine møte med oss. No heng desse smertepunkta rundt om på kontorveggane, og vi har dei med oss kvar dag. Nettsidene våre er eit høgt prioritert område. Der skal brukarane våre og andre finne relevant informasjon og kunnskap som det er lett å forstå.

### Mål for Lotteri- og stiftelsestilsynet:

6. Være en tydelig og relevant samfunnsaktør

#### Styringsparametre:

b. Utvikle fagområdene og formidle relevant informasjon til alle interessenter.

(Frå Kulturdepartementets tildelingsbrev for 2019)

Å vere ein tydeleg og relevant samfunnsaktør handlar også om å bidra med kunnskapen vår i den offentlege samtalen. Vi skal vende blikket utover og forstå samfunnet. Og det er behov for kunnskapen vi sit på. Vi veit til dømes at 6 av 10 nordmenn ikkje veit eller er usikre på kven som har lov til å tilby pengespel i Noreg. Vi er tydelege og offensive, og slik bidrar vi til at folk tar kunnskapsbaserte val.

I 2019 sette vi oss eit mål om å gjere årsrapporten for 2018 tilgjengeleg for langt fleire. Og vi nådde mange. Vi har også bidratt med kunnskap i den offentlege debatten i fleire store saker, som då vi åtvare Norges Sjakkforbund mot å inngå ein avtale med eit spelselskap som opererer ulovleg i Noreg. I 2019 var vi også for første gong til stades under Arendalsuka, der vi arrangerte debatt saman med Medietilsynet.



Illustrasjon av «Han som tegner», Trond Kulterud, i samarbeid med Lotteri- og stiftelsestilsynet og Trigger Oslo.

## Blikket utover – styrke brukarane

### Brukarhistoriar

Vi har i mange år gjennomført store kvantitative brukarundersøkingar for å oppfylle brukarane sine behov betre. Utviklinga har vore god, og resultatata har jamt over vore gode. I 2019 gjekk vi lenger og leita gjennom ei kvalitativ brukarundersøking bevisst etter frustrasjonspunkt i brukarreisa. I denne undersøkinga kartla vi spesifikke brukaraugeblikkar som er avgjerande for korleis brukarane opplever å vere i kontakt med oss, t.d. saksbehandling, søkeprosessar og dialog.

Vi etablerte tre fokusgrupper og dykka ned i konstruktiv kritikk frå dei i staden for å berre spørje etter kva som fungerer godt. Vi jobba med forventningar, ønske og krav, og fekk fram kva brukarane meiner vi bør jobbe meir med. Resultatet blei presentert i organisasjonen og var i tillegg vesentleg informasjon i strategiprosessen.

Seinare har vi forenkla tilbakemeldingane til noko vi kan ha med oss i kvardagen: «ein brukar på skuldra» i form av fysiske illustrasjonar på kontor, i fellesareal og digitalt på interne nettsider og i presentasjonar. Det er karakterane Steffen og Lotte som har hovudrollene i teikningane, og gjennom humor, historieforteljing og diskusjon vil vi auke forståinga vår av kven vi er til for, og kva behov brukarane våre har.

Her er nokre av tilbakemeldingane vi fekk:

- uklart og vanskeleg språk (Hæh? Snakk norsk!)
- vanskar med å vite kva ein skal leite etter (Puh! Kor skal eg begynne?)
- søknadsfristar (Hjelp meg heller FØR det går gale!)
- lite brukarvenlege digitale tenester (Hugs meg! Så slepp eg å starte på nytt kvar gong.)
- oppleving av førehandsdømming i tilsynssaker (Kva? Men eg er jo uskuldig!)
- lite løysingsorienterte (Hallo, enker av matrosar?!)
- stor fysisk avstand (De er langt vekke, eller?)
- for dårleg informasjon om rettar (Ikkje visste vi at vi kunne søkt om støtte.)

Vi har brukt eigne tilsette saman med eksterne ressursar, m.a. illustratør, for å planlegge og gjennomføre tiltaket. Arbeidet gjekk over ein periode på 10 månader fordelt på to bolkar. Vi har ei nullpunktsmåling, og målet er at i løpet av 2020 skal 30 prosent fleire tilsette svare at dei har god kunnskap om brukarane sine frustrasjonar og smertepunkt. Vi vil også at 50 prosent skal svare positivt på at det er sett i verk tiltak for å redusere dei negative opplevingane. Hausten 2021 vil vi så spørje brukargruppa som gav oss informasjonen i utgangspunktet, om dei opplever endring. Målet er at minimum 30 prosent av dei skal oppleve forbetring av brukarreisa.



## Formidling av strategi

I 2019 gjennomførte Lotteri- og stiftelsestilsynet ein strategi-prosess som enda opp med ei forenkling av samfunnsoppdraget.

- **Før:** Lotteri- og stiftelsestilsynet skal medverke til at lotteri og pengespel går føre seg i trygge former under offentlig kontroll, med sikte på å forebygge negative sosiale konsekvensar av lotteri og pengespel og leggje til rette for at dette kan vere inntektskjelde for lotteriverdig frivillig verksemd. LS skal skape tryggleik og tillit til stiftelsar som organisasjonsform, og arbeide for å sikre ei lovleg forvaltning av stiftelsar. LS skal forvalte ordningane for meirverdi-avgiftskompensasjon på ein forsvarleg måte, og gje informasjon og rettleiing om ordningane.
- **No:** Lotteri- og stiftelsestilsynet er eit av samfunnets viktigaste verkemiddel for å sikre ansvarlege pengespel, sterk frivilligheit og trygge stiftelsar.

Eit resultat av dette er at samfunnsoppdraget vårt er blitt sterkare forankra både internt og eksternt.

Vi har brukt tid på å formidle heile strategien på ei side og illustrert samfunnsoppdraget. Illustrasjonen viser samfunnsoppdraget samla for heile Lotteri- og stiftelsestilsynet, men også delt på tre fagområde og igjen delt i mange enkelt-teikningar. Desse ser du i denne årsrapporten.

## Kommunikasjon

Eit viktig mål i strategien vår er å styrke brukarane gjennom å ta initiativ til å dele vår innsikt og fagkunnskap. Vi skal vere ekspertane som gjer det enkelt for brukarane å ta kunnskapsbaserte val. Dette påverka korleis vi kommuniserte i 2019.



## MEIR TILGJENGELEG ÅRSRAPPORT

Årsrapporten er lovpålagd, men samstundes gir han oss ei moglegheit til å kommunisere med målgruppene i vid forstand. Så når vi først skulle lage årsrapport, ville vi nytte høvet til å snakke til fleire. Årsrapporten er vår viktigaste kunnskapsproduksjon gjennom året, og han gir oss «taletid» når han er klar. Og når vi først bruker tid på å skrive han, bestemte vi oss for å bruke innhaldet til noko meir.


### Plan

Vi ville formidle årsrapporten betre og gjere han tilgjengeleg for fleire. Vi valde derfor å jobbe med årsrapporten for 2018 i tre spor:

- tradisjonell årsrapport med alle formelle krav på plass
- digital versjon der vi prioriterte innhald som vi løfta fram, spissa og formidla på ein meir forståeleg, meir interessant og meir tilgjengeleg måte
- framlegging av prioriterte delar av årsrapporten på frukostmøte for media og andre interessantar







Frukostmøte 19. mars 2019.

### Gjennomføring

Vi gjennomførte alle dei tre spora i årsrapporten i samarbeid med vår eksterne kommunikasjonsstøtte, Trigger Oslo, og illustratør, Trond Kulterud.

- Den tradisjonelle årsrapporten liknar på dei vi har laga tidlegare. Han er rikt illustrert med infografikk, skriven i klarspråk, tilpassa formelle krav og lett å finne på nett – vel å merke i PDF-format. Det betyr at innhaldet ikkje er søkbart, berre rapporten. For første gong valde vi å ikkje trykke papirversjon.
- Digitalt løfta vi fram dei sakene som vi meinte hadde størst offentleg interesse. Vi forenkla og spissa, og vi illustrerte historiene for å gjere det lett for folk å oppfatte kva dei handla om. Vi la inn bevegelsar i illustrasjonane for å få folk til å stoppe opp i sosiale medium.
- Frukostmøtet var svært godt besøkt med over 70 interessentar og media. I invitasjonen prioriterte vi den mest aktuelle delen av verksemda vår – pengespel – og vi brukte digitalversjonen i presentasjonar og profil. Vi deltok med leiarar, ekspertar og eksterne samarbeidspartar som Medietilsynet og Finans Norge. Vi la vekt på korte innlegg, fleire stemmer og god tid til samtale og intervju i etterkant.

### Effekt og kost/nytte

Tidlegare har vi hatt kring 1000 unike lesarar av den tradisjonelle årsrapporten vår. Medieoppslaga var sporadiske og ikkje knytte opp til tidspunktet for publisering av årsrapporten. Deling i sosiale medium nådde ikkje godt nok fram. Etter at vi la om produksjonen og formidlinga av årsrapporten for 2018, har vi meir enn seksdobla talet unike lesarar på nettsida frå ca. 1000 til 6400. Vi fekk 25 store medieoppslag i samband med frukostmøtet, og 78 000 personar har lagt merke til eller lese artiklane i sosiale medium. Vi har i tillegg hatt god gjenbruk av infografikken og bodskapa, t.d. i eige arrangement under Arendalsuka.

Dette er i tråd med krav i tildelingsbrev og strategi. Det kosta oss tid og krefter internt, mange av våre tilsette var involverte, og vi fekk hjelp eksternt. Budsjettet var på ca. 200 000 kroner. Vi har evaluert internt og konkludert med at dette var riktig og viktig å gjere. I ei tid der særleg eitt av fagfelta våre er under press (pengespel), er det viktig at vi når fram med innsikt og fagkunnskap.



Under Arendalsuka 2019 arrangerte vi debatt.

## Arendalsuka 2019

12. august 2019 deltok vi med eige arrangement under Arendalsuka. Temaet var: «Hvordan stoppe ulovlig spillreklame i media? *Hvordan stopper norske myndigheter og media ulovlig reklame i en tid da annonsering i media i stadig større grad skjer digitalt ved hjelp av kunstig intelligens? Hva om vi ikke klarer det?»*

Vi deltok med vår direktør, Gunn Merete Paulsen, direktør for Medietilsynet, Mari Velsand, stortingsrepresentant frå Arbeidarpartiet, Trond Giske, stortingsrepresentant for Høgre, Tage Pettersen, direktør for internett og nye medier i IKT-Norge, Torgeir Waterhouse, konserndirektør for salg og marked i Amedia, Victoria Schultz, og vår kommunikasjonsdirektør, Anne-Mette Hjelle.

Vi planla arrangementet saman med Medietilsynet. Det var svært godt besøkt og fekk brei medieomtale. Vi deltar på Arendalsuka også i 2020, då vi ser at dette er ein viktig arena for debatt og deling av kunnskap.



Etter debatten på Arendalsuka i 2019. Fv Anne-Mette Hjelle, Henrik Nordal, Trond Giske, Gunn Merete Paulsen, Victoria Schultz, Mari Velsand, Torgeir Waterhouse og Tage Pettersen.

## Medieomtale


Lotteri- og stiftelsestilsynet er blitt meir synlege i 2019. Vi blir oftare nemnde i tittel og ingress enn i 2018. I 426 saker var vi ein sentral del av omtalen, mot 362 i 2018.

Arbeidet med årsrapporten for 2018 peikar seg ut, og fleire redaksjonelle medium omtala han. Eksempel på andre saker som fekk merksemd i dei redaksjonelle media, er Lyoness-saka, spelforbodet mot seks Malta-baserte selskap, fleire tilsynssaker og utdelinga av momskompensasjon til frivillige lag og organisasjonar.

Lotteri- og stiftelsestilsynet er omtala i 1651 mediesaker i 2019. Fordi vi har valt ein meir presis måte å registrere omtale på, er talet frå 2019 ikkje direkte samanliknbart med tala frå åra før.

## Omtale i sosiale medium

Lotteri- og stiftelsestilsynet var i 2019 omtala 3136 gonger i sosiale medium. Vi blir mest omtala på Twitter, spesielt av enkelte representantar frå utanlandske spelaktørar som systematisk arbeider for å legitimere eigne spel i Noreg. Vi er også omtala ein del i bloggar og på Facebook, men i mykje mindre skala enn på Twitter.



## Nettsida

Lottstift.no er vårt viktigaste verktøy for kommunikasjon med brukarar og andre målgrupper. Vi legg stor vekt på at innhaldet skal vere relevant og lett tilgjengeleg for brukarane våre. Vi jobbar systematisk og kontinuerleg for å oppnå god kvalitet på nett og ha eit brukartilpassa innhald. Vi har så å seie alt innhald på nettsida både på nynorsk og bokmål. Vi arbeider også systematisk med at brukarane skal bli meir sjølvhjelpete på nettsida. God informasjon, ulike sjølvtestar, brukarstøttesystem og god rettleiing i søknadsprosessar er viktige element i dette arbeidet. I 2020 skal vi i gang med eit forprosjekt til nye nettsider som skal lanserast i 2021. I tillegg til lottstift.no har vi ansvar for hjelpelinjen.no. Hjelpelinjen fekk ny nettside i januar 2020, noko kommunikasjonstaben jobba mykje med hausten 2019. Les meir om prosjektet på side 18.

## Kvalitet på nett

Kvaliteten og brukarperspektivet på nettstaden måler vi ved hjelp av Siteimprove, som vi tok i bruk hausten 2017. Dette er eit verktøy for å kvalitetssikre innhald på nettsida. Siteimprove fangar opp feil og manglar og gir oss rapportar om blant anna sikkerheit, kvalitet, universell utforming, språk, søkemotoroptimalisering og personopplysningar. Vi har eit mål om å ha svært god kvalitet på nett. Analysen Siteimprove gir oss dagleg, effektiviserer arbeidet vårt ved å fange opp feil og manglar som vi til kvar tid rettar opp. Målet vårt er å ha ein samla score på over 90 av 100 moglege kvalitetspoeng. Det har vi lukkast godt med i 2019: Scoren har lege stabilt på mellom 92 og 93.

## Jamn trafikk på nettsida

Rundt 160 000 brukarar besøkte 734 000 sider på nettstaden vår i 2019. Det er om lag på same nivå som året før. 53 prosent startar besøket via søkesider, og om lag 10 prosent besøker oss via sosiale medium. 18 prosent finn oss via andre kjelder, og 22 prosent går direkte til nettsida. Som trenden er på nett, besøker stadig fleire brukarar oss via smarttelefon: Heile 46 prosent av besøka kom frå mobil (40 %) eller nettbrett (6 %).

Tilskotsordningane våre er mest besøkte, med over 134 000 sidevisningar. Det er spesielt søknadsprosessen rundt moms-kompensasjon for frivillige lag og organisasjonar som er besøkt. Deretter følger informasjon om organisasjonen, inkludert presserom, bloggar og aktuelt-saker med 123 000 sidebesøk.

## Tal besøk lottstift.no (kjelde: Google Analytics)

Brukarar	Økter	Sidevisningar
160 819	264 385	734 346

*Brukarar: Med dette meiner vi brukarar som har innleia minst ei økt i løpet av dataperioden. Økter: Samla tal økter i perioden. Ei økt er tidsrommet der ein brukar nyttar nettsida aktivt. Sidevisningar er det samla talet sider som er blitt vist. Gjentatte visningar av same side blir talde med.*

## Sidevisningar fordelte på fagområde på nettsida

Lotteri- og stiftelsestilsynet jobbar med både kontroll og forvaltning av private lotteri, stiftelsar og statlege spel, og med kontroll av den ulovlege spelmarknaden. Vi forvaltar også fleire tilskotsordningar. På nettsidene er hovudmenyen bygd opp med desse inngangane: Lotteri og bingo, Pengespel, Stiftelsar, Tilskotsordningar og Om oss. Under ser du sidevisningar fordelte på desse hovudområda i 2019.

Område	Sidevisningar	Unike sidevisningar
Tilskotsordningar	134 081	106 387
Om oss	123 020	106 567
Lotteri og bingo	101 621	81 045
Stiftelsar	72 504	60 057
Pengespel	59 351	49 794

## Brukarstøtte

Vi innførte Zendesk for heile tilsynet i 2018. Zendesk er eit webbasert brukarstøttesystem der vi tar imot spørsmål og tips frå publikum. I 2019 fekk vi – totalt for alle fagområda våre – 2648 spørsmål og tips via Zendesk.

2158 var spørsmål, og 463 var tips. Av tipsa er det tips om ulovlege pengespelaktørar og pyramideselskap som dominerer (394). Flest spørsmål handlar om lotteri og bingo (988). Dei andre fagområda er ganske jamt fordelte.

Samanlikna med 2018 er det fleire som tar kontakt. Då hadde vi til saman 2399 spørsmål og tips.



# Intern styring og kontroll

Lotteritilsynet skal ha effektiv og god styring av verksemda. I 2019 har arbeidet med ny strategiplan vore ein sentral del av dette.

Prosjekta vi har starta med utgangspunkt i den nye sstrategien, er eit viktig ledd i å gjere oss meir effektive og innovative og gi oss ei meir tydeleg brukarorientering. I kjølvatnet av ny strategiplan har vi også starta eit prosjekt som skal koordinere kompetanseheving for alle tilsette innanfor fleire område.

Lotteri- og stiftelsestilsynet er opptekne av å ha heilskapleg og tydeleg leiing. Med leiarmøte kvar veke får vi rapportert, koordinert og drøfta. Ein gong i månaden er møtet sett av til strategiske diskusjonar. Leiarmøta styrker også det interne samarbeidet i organisasjonen.

## Mål for Lotteri- og stiftelsestilsynet:

Lotteri- og stiftelsestilsynet skal ha:  
7. Effektiv og god virksomhetsstyring

Styringsparametre:

- a) Utvikle strategi- og innovasjonsarbeidet
- b) Helhetlig og tydelig ledelse
- c) Styrke internt samarbeid i virksomheten

(Frå Kulturdepartementets tildelingsbrev for 2019)

## Arbeidet med ny strategi

Lotteri- og stiftelsestilsynet implementerte i 2019 ein ny strategiplan. Denne planen er og har vore viktig for våre strategiske val og prioriteringar. Med utgangspunkt i strategiplanen starta vi fleire prosjekt som på kort og lang sikt vil bidra til å operasjonalisere dei strategiske måla våre. Vi skal bli meir effektive gjennom forenkling og digitalisering, arbeide smartare og ha ei tydeleg brukarorientering.

Kompetanseplanlegging og -heving er sentrale element i oppfølginga av strategiplanen. Vi har i 2019 etablert eit prosjekt for å koordinere kompetansehevinga for alle tilsette når det gjeld både effektiv bruk av systemløysingar og fag. Arbeidet held fram i 2020. For å levere på områda våre i åra framover er kompetanseutvikling ein heilt sentral faktor.

Direktøren har det overordna ansvaret i Lotteri- og stiftelsestilsynet, men delegerer ansvar og fullmakter til avdelingsdirektørane. Det er leiarmøte kvar veke. Leiarmøta blir nytta til rapportering, informasjon og drøfting av ulike saker før avgjerd. Kvart fjerde møte er sett av til strategiske diskusjonar for å sikre grundig behandling av meir prinsipielle og større saker i organisasjonen.

Internkontrollen er heilt sentral i den interne styringa. Overordna dokument definerer ansvar og myndigheit og gir føringar for korleis vi skal arbeide i Lotteri- og stiftelsestilsynet. Internkontrollen bidrar til at vi arbeider i samsvar med økonomiregelverket og anna administrativt lov- og regelverk, og er viktig for at vi skal kunne løyse samfunnsoppdraget vårt på ein god måte.

Avdelingsdirektørane har delegert ansvar for internkontroll i alle prosessar og aktivitetar innanfor eige ansvarsområde. Avdelingsdirektørane har også ansvar for at medarbeidarane har tilstrekkeleg kompetanse og kunnskap om dei retningslinjene og prosedyrane som gjeld for deira arbeidsoppgåver. Ansvaret inneber mellom anna å sjå til at avvik, feil og manglar blir handterte, og legge til rette for kontinuerleg forbetring og læring.

Vi har etablert felles systemløysing for verksemdsplanlegging, rapportering og risikovurdering, og vi har eit felles system for kvalitetsdokumentasjon. Vi har òg starta arbeidet med innføring av ny og felles samhandlingsplattform, noko som vil bidra til betre intern kommunikasjon, deling av kunnskap og samhandling på ulike nivå. Dette er heilt i tråd med våre strategiske mål om å effektivisere, forenkle og utvikle kompetanse.

På økonomifeltet er vi fullservicekunde hos DFØ. I 2019 fekk vi gjennom DFØ tilgang til ein ny portal for HR/løn. Denne er eit godt og nyttig verktøy i verksemdstyringa og i det strategiske HR-arbeidet.

I 2019 har vi lagt om interne budsjettprosserar. I tillegg har vi utarbeidd eit langtidsbudsjett. Det er eit nyttig styringsverktøy med tanke på strategiske prioriteringar.

## Økonomistyring og innkjøp

Omtale av rekneskapen finn du i del VI.

Økonomistyringa i tilsynet har stabilitet og god måloppnåing. Driftsbudsjettet blei revidert to gongar i 2019.

Arbeidet med å motverke arbeidslivskriminalitet gjennom handtering av innkjøp er eit ansvar statleg sektor har i fellesføringane. Lotteri- og stiftelsestilsynet har dette aspektet med ved anbudsprosessar og inngåing av kontraktar. På våre innkjøpsområde har vi ikkje vurdert risikoen for arbeidslivskriminalitet som overhengande. På fleire område nyttar vi dei sentrale statlege rammeavtalane.

Ved anbudsprosessar nyttar vi elektronisk løysing for konkurransegjennomføring levert av DFØ.

## Riksrevisjonen

Riksrevisjonen tilbakemeldingar har også for 2018-rekneskapen vore gode. Vi har halde fram på same måte i 2019 og hatt ein god dialog med Riksrevisjonen.

## Arbeid med internkontroll

Lotteri- og stiftelsestilsynet har i 2019 arbeidd målretta med revisjon av internkontrollsystemet vårt. Først og fremst har vi arbeidd med struktur og overordna dokumentasjon. Målet har vore å oppfylle krava til verksemda og verksemdas interne behov for kvalitetssikring.

Seinhausten 2019 engasjerte vi PwC til å gjennomføre ein revisjon av internkontrollsystemet og dei overordna dokumenta våre. Dei la fram ein førebels rapport i midten av desember. Det vil i 2020 vere behov for å utbetre internkontrollen på nokre område, men samla sett er det gjort mykje godt arbeid.

Gjennom året er det vidare sett fokus på overordna rutinar og retningslinjer. Vi har hatt gruppearbeid der vi har gjennomgått speletiske og etiske retningslinjer.

## Arbeid med personvern i 2019

I 2019 arbeidde vi vidare med å oppfylle krava i personvernforordninga som kom i 2018. Vi fekk på plass ei rettleiing og ein rutine for å melde avvik, og vi har utarbeidd ei intern personvernerklæring (for tilsette). Desse dokumenta var utgangspunktet for ein tematime (allmøte) i mars. Deretter utarbeidde vi ein eigen sletterutine for personopplysningar, fordelt på våre ulike avdelingar og ulike lagringssystem. Vi vurderte nye databehandlaravtalar, og vi ajourførte oversikta over all behandling av personopplysningar (artikkel 30-protokoll).

Personvernombodet har halde to informasjonsmøte om personvern for nyttilsette (i januar og november).

Det blei registrert og meldt inn eit mindre avvik til Datatilsynet i 2019, men dette blei raskt lukka.

Personvernombodet deltok på eit nettverksmøte for personvernombod i staten i juni, og i oktober deltok ombodet på det årlege personvernkurset i regi av JUS/Datatilsynet.

Personvern er eit fagfelt i rask utvikling, og det er lett å trå feil om vi som tilsyn/direktorat ikkje sørger for oppdatering av kompetansen.

## HMT og arbeidsmiljø

Mål for HMT-arbeidet i Lotteri- og stiftelsestilsynet er at vi skal

- vere ein attraktiv arbeidsplass
- redusere sjukefråværet
- førebygge helseskadar og ulykker
- drive miljø- og klimavenleg

Hausten 2019 gjennomførte vi ei stor medarbeidarundersøking. Svarprosenten på undersøkinga var 100 %. Samla sett viser undersøkinga eit stabilt godt resultat. I haust har vi også gjennomført vernerunde i organisasjonen. Også her var resultatane gode. Dette viser at dei tilsette i stor grad har eit godt og trygt arbeidsmiljø.

I 2019 har HMT-handboka blitt revidert og innarbeidd i vårt kvalitetssystem (Compendia). Vi har innført nytt avviks- og varslingssystem med tilhøyrande rutinar, som ein del av internkontrollen vår. Vi har også gjennomført opplæring i mottak av ekstern varsling.

Lotteri- og stiftelsestilsynet har knytt til seg ekstern bedriftshelseteneste (BHT). Bedriftshelsetenesta har gitt dei tilsette tilbod om ergonomisk rettleiing, influensavaksine og førstehjelpskurs. Hausten 2019 kartla bedriftshelsetenesta kjemiske stoff som blir oppbevarte i verksemda, og på bakgrunn av dette blei det utarbeidd eit stoffkartotek. Bedriftshelsetenesta deltok på alle møta i arbeidsmiljøutvalet (AMU).



## IA-avtalen og sjukefråvær

Sjukefråvær har fått mykje merksemd i 2019. Dette året var sjukefråværsprosenten i organisasjonen på 6,4 %. Dette er ei markant stigning frå dei føregåande åra, der sjukefråværsprosenten har vore på rundt 4 %. Det har blitt arbeidd aktivt med sjukefråværsoppfølging gjennom heile 2019.

## Rekruttering og inkluderingsdugnaden

I 2019 gjennomførte vi 11 rekrutteringsprosessar. I to av prosessane valde den som blei tilsett, å trekke seg. Stillinga blei derfor utlyst på nytt. I 2019 var det seks tilsette som slutta, medan tre gjekk av med pensjon. Vi fekk to nye stillingar knytte til kvitvasking.

Vi har i all hovudsak god tilgang på søkarar og har tilsett kvalifiserte søkarar i ledige stillingar. Tilsynet har hatt ein trainee i tillegg til to lærlingar ein innan kontorlag og ein innan IKT.

Vi har ved rekruttering hatt fokus på å oppnå måla i inkluderingsdugnaden. Erfaringa frå 2019 er at få søkarar oppfyller kriteria for ordninga. Berre ein søkar hadde kryssa av for nedsett funksjonsevne, men søkaren oppfylte ikkje formalkrava. Søkarar med hol i CV-en er det vanskelegare å kartlegge i prosessane. Generelt er det utfordrande å nå måla, då utlysingane våre stiller krav til kompetanse som gjer at søkartilfanget kan bli lite. Vi klarte ikkje å tilsette nokon innanfor målgruppa i 2019.

Tilsynet har iverksett tiltak for å nå måla i 2020. Rekrutteringsverktøyet er no tilrettelagt for merking av søknad frå søkarar med hol i CV-en. I utlysingstekstane våre har vi innarbeidd tekst som oppfordrar målgruppa til å søke. I tillegg har vi som mål at leiarar og andre tilsette som er med i rekrutteringsprosessen, i løpet av 2020 skal gjennom Difi si seminarrekke om inkluderingsdugnaden.

## Informasjon og dialog

Arbeidsgivar og tillitsvalde har faste partssamarbeidsmøte (IDF) kvar tredje veke. IDF utarbeider i fellesskap eit årshjul som dannar ei ramme for arbeidet gjennom året. Arbeidsmiljøutvalet har møte kvart kvartal og elles etter behov. Samarbeidet i begge foruma er godt.

Det er vidare avdelingsmøte på kvar avdeling etter fast mønster. Det er gjennomført medarbeidersamtalar med alle tilsette i samsvar med våre rutinar.

## Likestilling

Lotteri- og stiftelsestilsynet arbeider for å fremme likestilling i samsvar med regelverket og har eit bevisst forhold til dette i samband med rekruttering og lønsplassering.

Gjennomsnittsalderen i Lotteri- og stiftelsestilsynet er 44,8 år. Dette er noko lågare enn i 2018, då gjennomsnittsalderen var 46 år. Mange av dei tilsette har lang fartstid i Lotteri- og stiftelsestilsynet. Heile 16 tilsette har over 15 års ansiennitet. Dette sikrar kontinuitet og erfaring.

## Kjønnsfordeling- alle tilsette (i prosent)

År	Totalt			Leiarstillingar			Løn
	Kvinner	Menn	Tal tilsette	Kvinner	Menn	Tal tilsette	Kvinner/menn
2018	54.7%	45.3%	64	50%	50%	4	92.4%
2019	50.7%	49.3%	75	60%	40%	5	92.8%

## Samfunnstryggleik og beredskap

I 2019 gjorde vi ein mindre revisjon av beredskapsplanen. Det blei ikkje gjennomført beredskapsøving i 2019, men vi legg dette inn i planane for 2020.

Vi har gjennomført brannøving med evakuering. I første kvartal utarbeidde vi ROS-analyse for tryggleik og beredskap og sende han over til departementet.

## Ytre miljø

I 2019 testa vi ulike videokonferanseløysingar. Vi har mykje erfaring med bruk av videokonferanse, men det har vore eit behov for meir standardiserte og brukarvenlege løysingar. Ny videokonferanseløysing og ny samhandlingsplattform vil bli innført i 2020. Gode løysingar vil kunne redusere reiseaktiviteten ytterlegare, noko som både sparar miljøet og gjer at vi arbeider meir tidseffektivt.

# Vurdering av framtidsutsikter

Vi har i kapitla om dei enkelte fagområda presentert ulike utfordringar som vi møter. I denne delen vil vi løfte blikket litt og sjå på kva forhold i og utanfor verksemda vår som kan påverke måten vi løyser samfunnsoppdraget vårt på, både på kort og på litt lengre sikt. Først gir vi ei samla vurdering av korleis våre val av aktivitetar og vår bruk av ressursar i 2019 har bidratt til å nå hovudmålet.

## Mål og strategi

Lotteri- og stiftelsestilsynets hovudmål, slik det er nedfelt i samfunnsoppdraget, er at vi skal sikre ansvarlege pengespel, sterk frivilligheit og trygge stiftelsar. Som omtalt i del IV, «Styring og kontroll», har vi vedtatt ein strategi som er førande for arbeidet vårt, og som supplerer og utfyller hovudmålet. Under kvart kapittel i denne årsrapporten har vi skildra korleis vi har løyst oppgåvene, og vurderinga av prioriteringane våre må derfor sjåast i samanheng med det som kjem fram der.

Overordna var 2019 prega av meir strategisk arbeid. Det gjekk med tid og ressursar på å utarbeide, vedta og implementere ein ny strategi. Denne strategien er eit resultat av ein prosess der heile organisasjonen har deltatt aktivt.

Vi har tatt innover oss viktige trendar som påverkar evna vår til å nå mål på lengre sikt. Dei utfordrar oss, men gir oss også moglegheiter til å løyse samfunnsoppdraget vårt meir effektivt.:

- digitalisering – måten vi løyser problem, deler kunnskap og kommuniserer på
- effektivisering – fornye, forbetre og forenkle arbeidsprosessar
- brukarorientering – utvikle tenester i samsvar med behova til brukarane og gi gode brukaropplevingar
- teknologi og nye samarbeidsformer – nye roller, arbeidsmetodar og samhandling på tvers av organisatoriske grenser
- sentralisering og urbanisering

Desse trendane har vi diskutert opp mot styrker og svakheiter, og vi har komme fram til kva vi skal gjere meir av og mindre av for å nå viktige mål.

Den nye strategien er eit godt verktøy som gir oss grunnlag for prioriteringar og tydelege langsiktige mål, og som motiverer og engasjerer for utvikling og innovasjon. Han rustar oss for endring, gjer oss betre i stand til å finne handlingsrom for utvikling og gir oss forståing for framtidig kompetansebehov.

I sum skal den nye strategien vår bidra til at vi overordna utfører samfunnsoppdraget vårt effektivt og med god kvalitet. Det meiner vi at vi har klart i 2019. Vi har valt aktivitetar som både i meldingsåret og på sikt vil bidra til ansvarlege pengespel, sterk frivilligheit og trygge stiftelsar. Vi meiner også at ressursbruken som er skildra i rapporten, har vore forsvarleg og rett.

## Strategien i praksis – slik løyser vi framtidige utfordringar

### Fleire av vedtaka våre blir utfordra

På fagområda våre opplever vi i aukande grad at vedtaka våre blir gjenstand for søksmål. Tal klagar har ikkje auka, men vi opplever stadig oftare at vedtak får ein etterfølgande rettsleg prosess. Dette gjeld både der klagenemnda gir oss medhald i sakene, og der dei gjer om vedtaka våre.

Det er vanskeleg å seie noko sikkert om årsakene til dette, og det er sjølvstundt heilt legitimt å gå til rettslege steg mot staten på våre område. Sjølv om fleire rettssaker gir oss utfordringar på både kompetanse- og ressursfronten, er det likevel viktig at vi ikkje lèt dette styre våre val av saker og utfall. Vi må også i framtida reagere mot aktørar som ikkje held seg innanfor regelverket, sjølv om det medfører ei vriding av både ressursar og kompetanse. Det er grunn til å tru at denne tendensen vil forsterke seg framover.

### Høgare brukarforventningar

Vi opplever at våre brukarar, til liks med andre nordmenn, har stadig høgare forventningar til sjølvbeteningsløyisingar og døgnopen forvaltning. Brukarane vil ha raske svar og fleksible løyisingar. Dette krev både ressursar og lovgrunnlag. For å kunne møte desse forventningane må vi få opp nye publikumsløyisingar, og vi må ha eit lovverk som både er tydeleg nok til å kunne automatisere nokre prosessar i dei enklare sakene, og fleksibelt nok til å gi oss handlingsrom i dei krevjande sakene.

Ein annan tydeleg trend er at brukarane våre vil ha meir rettleiing. Her må vi framover legge inn ein langt større innsats for å gjere brukarane best mogleg i stand til å gjere ting riktig og å finne dei gode løysingane utan at vi må ha ein-til-ein-dialog med dei. Vidareutvikling av nettsida vår og klart språk blir viktig her.

### Endra tilsynsarbeid

Vi har mange tusen tilsynsobjekt i porteføljen vår, og vi kan umogleg føre tett tilsyn med alle. Vi ser at vi får større effekt av tilsynsarbeidet vårt når vi bruker det som eit førebyggjande tiltak i staden for at vi har den tradisjonelle og meir reaktive tilsynsrolla. Vi må satse meir på kvalitative tilsyn der vi i større grad vurderer effekt og kvalitet, og i mindre grad fører sjekklistetilsyn. Dette er svært ressurs- og kompetanse-krevjande, noko som gjer at vi må vri bruken av ressursar og utvikle oss.

### Auka behov for kunnskap og analyse

Vi ser at samfunnet treng meir kunnskap om fagområda våre. Vi sit på ein unik kombinasjon av fagkunnskap og data, og det er viktig at vi tar rolla som ein objektiv kunnskapsleverandør på våre felt. I framtida må vi sørge for at vi både får formidla den kunnskapen vi allereie har, og at vi har ressursar til å hente inn og formidle ny kunnskap som er relevant for samfunnsdebatten. For å kunne utføre samfunnsoppdraget vårt må vi også forstå det samfunnet vi opererer i, både nasjonalt og internasjonalt. Samfunnet og politikarar vil trenge vår innsikt og vår kunnskap når viktige avgjerder skal takast, og den politiske kursen skal stakast ut.

Mellom anna ser vi at ansvarlegheit blir eit stadig viktigare element i reguleringa av pengespel internasjonalt. I Noreg har ansvarlegheit vore høgt prioritert lenge, og på enkelte område er vi langt framme. Truleg vil auka forventningar til ansvarlegheit frå brukarane også påverke den norske pengespelbransjen positivt.

For å sikre rolla som eit sterkt fagmiljø skal vi i enda større grad utvikle og fornye kompetansen vår gjennom kontinuerleg læring og rekruttering.

### Same oppgåver uansett modell

Pengespelpolitikk blir stadig diskutert i media, men vi opplever brei politisk semje om einerettsmodell framfor lisensmodell. Det primære målet for pengespelpolitikken er å sikre ansvarlege spel.

Det viktigaste omsynet i val av modell er å førebygge problematiske speleåttferd, noko som er stadfesta av både EU- og EF-TA-domstolen. Den norske einerettsmodellen er i tråd med

EØS-avtalen. Likevel blir det i rettslege prosessar og i media hevda at reguleringa er i strid med gjeldande EU-rett. Gjeldande regulering er i 2019 stadfesta av Oslo tingrett, men dommen er anka.

Vi ser også ein tendens til at den samla innsatsen vår fører til at den norske marknaden blir mindre attraktiv og mindre lønsam for den ulovlege bransjen. Vi vil særleg peike på det stadig meir effektive betalingsformidlingsforbodet, som vi skildrar meir inngående i del III.

Det er viktig å få fram at dei strategiske vala vi gjer og dei retningane vi går i, gjeld uavhengig av kva pengespelmodell vi har. Vi vil uansett måtte gjere det vi gjer, berre i ulikt omfang. Uansett modell er vår oppgåve å beskytte den lovlege marknaden i Noreg. Verkemidla for å gjere det vil vere dei same uansett kor mange operatørar vi har i marknaden.

### Konsekvensar på lengre sikt

Lotteri- og stiftelsestilsynet opplever at vi må prioritere ressursane våre stadig strengare. På kort sikt klarer vi likevel å utføre samfunnsoppdraget vårt, men på lengre sikt vil det bli krevjande.

Vi skal halde fram med å finne effektiviseringspotensial i eigen organisasjon, men det er ikkje tvil om at det er krevjande å drive med innovasjon og utvikling når ein allereie har knappe ressursar til daglege oppgåver. Løysingar som gir ein langsiktig effektiviseringsgevinst, for både brukarane og oss, er ofte ressurskrevjande på kort sikt. Framover ligg det store utfordringar i å finne det riktige balansepunktet mellom dagleg oppgåveløysing på den eine sida og innovasjon og utvikling på den andre sida.

Vi vil også særleg peike på pengespelområdet. Det er eit område der det primært er heilskapen av tiltak som gir ein langsiktig effekt. På kort sikt går det greit å prioritere ned enkelttiltak, men på lengre sikt vil det bli krevjande å oppnå dei same effektane utan ein ressurstilførsel på dette området.

Til slutt er det grunn til å understreke at Lotteri- og stiftelsestilsynet har dyktige og motiverte medarbeidarar med stort engasjement for samfunnsoppdraget vårt. Vi er innstilte på å endre oss i takt med nye krav og utfordringar, og vi er trygge på at dei strategiske prioriteringane våre gjer at vi også framover skal utføre samfunnsoppdraget vårt på ein god måte. Vi trur at dersom vi lukkast med gjennomføring av strategien vår, vil vi òg lukkast med samfunnsoppdraget vårt.

# Leiinga sin kommentar til årsrekneskapen

## Formål

Lotteri- og stiftelsestilsynet er underlagt Kulturdepartementet og er eit ordinært statleg forvaltningsorgan som fører rekneskap etter kontantprinsippet. Tilsynet er statens fagorgan på områda lotteri og pengespel, stiftelsar, momskompensasjon til frivillige organisasjonar og tilsyn med Grasrotandelen. Dei primære målgruppene for tilsynet er frivillige organisasjonar og stiftelsar. Del II i årsrapporten inneheld ein introduksjon til tilsynet og hovudtal for verksemda.


## Stadfesting

Årsrekneskapen er levert i tråd med føresegnene om økonomistyring i staten, rundskriv R-115 frå Finansdepartementet og krav frå Kulturdepartementet i instruks om økonomistyring. Eg meiner rekneskapen gir eit dekkande bilete av tilsynet sine disponible løyvingar, rekneskapsførte utgifter og inntekter.

## Vurdering av vesentlege forhold

Lotteri- og stiftelsestilsynet har i 2019 disponert løyvingar på utgiftssida på til saman 1 989 415 000 kroner. Ordningane for momskompensasjon utgjer 1 896 000 000 kroner av tildelingane. Posten for meirverdiavgiftskompensasjon ved bygging av idrettsanlegg har eit mindreforbruk på 16 millionar kroner. Departementet blei orientert i vår økonomirapportering.

Løn utgjer 61 % av driftsutgiftene. Prosentdelen var med det den same som året før, og vi er om lag på gjennomsnittet for statleg sektor.



Forbruket på drift auka med 9,4 millionar kroner når vi ser postane 01 og 21 samla. Både løn og varer og tenester auka, men som det går fram av figuren, var det 2018 som avveik frå normalen. Nivået i 2019 er relativt likt 2017.

Vi hadde i 2019 heilårseffekt for fleire tilsette enn året før. På seinhausten var vi tilbake på normalt nivå etter ein lengre periode med rekrutteringsprossessar. Tal tilsette ved full bemaning er i dag 75 medrekna lærlingar og trainee. Første halvår hadde vi framleis ein del ledige stillingar, og vi akkumulerte eit mindreforbruk på løn. Innsparinga brukte vi på prioriterte tiltak.

I året som gjekk, har vi prioritert fleire utviklingsprosjekt for organisasjon og digitalisering, hovudsakleg som oppfølging av ny strategiplan. Vi har også gjort fleire prioriterte investeringar innan IKT. Vi har starta opp eit prosjekt for å utvikle nytt saksbehandlingssystem for tilskot og har brukt 4,4 millionar kroner på kjøp av utviklartenester. Dette prosjektet held fram.

Våre tre største leverandørar i 2019 var huseigar Futurum (6,8 mill.), Fjordane IT (4,9 mill.) og konsulentselskapet Vaadin (4,8 mill.), som vi mellom anna nyttar til utvikling av ny løysing for tilskot.

Lisensar utgjorde 4,9 millionar kroner. Dei seinare åra har lisenskostnader blitt ein betydeleg og samtidig aukande kostnad.

På reiseutgifter hadde vi ein nedgang på om lag 7 %. Forbruket var på 2,28 millionar kroner.

Post 21 har dekt utgifter knytte til handlingsplan mot speleproblem, drift og utvikling av Anleggsregisteret og drift av eininga mot kampfiksing. Tenestekjøp knytt til ny befolkningsundersøking om speleåttferd utgjer ein del av auken i forbruk. I 2019 brukte vi 2,4 millionar kroner på dette tiltaket.

Samla meirinntekter for postane 02, 04 og 71 er 2,469 millionar kroner. Desse har meirinntektsfullmakt knytt til post 01 og er med i grunnlaget for overførbart beløp. Netto mindreforbruk på 2,51 millionar kroner er søkt overført (5-prosenten).

På 21-posten er netto mindreforbruk 501 000 kr, og posten har stikkordet «kan overføres».


Mindreforbruket, og dermed overførbare beløp, skuldast mellom anna at eit par budsjetterte tiltak ikkje blei ferdige før jul, og må sluttferast i 2020. På desse tiltaka er midlane disponerte. Omfanget av prioriterte tiltak har gjort det nødvendig å redusere bufferen vi har i form av overførbare beløp.

Lotteri- og stiftelsestilsynet er finansiert gjennom avgifter, gebyr og refusjonar. Budsjettkravet for 2019 er innfridd for alle inntekstpostar.

Dei største inntektskomponentane er refusjonen frå Norsk Tipping og årsavgifta frå stiftelsar.

Årsavgifta frå stiftelsane har lege stabilt dei seinare åra. Refusjonen frå Norsk Tipping blei auka i 2018 for å dekke kostnader ved Anleggsregisteret. Dette beløpet blei trekt ut igjen frå refusjonen i statsbudsjettet for 2019.

Lotteri- og stiftelsestilsynet har god stabilitet og tryggleik på inntektskomponentane og inntektsmodellen. Innkrevjingsprosenten for årsavgift frå stiftelsar er tilnærma 100 %.



### Tilleggsopplysningar

Riksrevisjonen er revisor og skal stadfeste årsrekneskapen for Lotteri- og stiftelsestilsynet. Årsrekneskapen er per dags dato ikkje ferdig revidert, men revisjonsmeldinga er venta klar i andre kvartal av 2020.

Førde, mars 2020

Gunn Merete Paulsen  
direktør i Lotteri- og stiftelsestilsynet



# Prinsippnote til årsrekneskapen

Årsrekneskapen for Lotteri- og stiftelsestilsynet er utarbeidd og levert etter nærare retningslinjer i føresegner om økonomistyring i staten («føresegnene»), fastsett 12. desember 2003 med endringar, seinast 23. september 2019.

Årsrekneskapen er i samsvar med føresegnene punkt 3.4.1, nærare føresegner i Finansdepartementet sitt rundskriv R-115 og eventuelle tilleggskrav fastsette av eige departement.

Oppstillinga av bevilgningsrapporten omfattar ein øvre del med bevilgningsrapport og ein nedre del som viser beholdningar som verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen. Oppstillinga av artskontorrapporten har ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder, og ein nedre del som viser grupper av kontoar som inngår i mellomvære med statskassa.

## Følgjer kalenderåret

Oppstillinga av bevilgnings- og artskontorrapporten er utarbeidd med utgangspunkt i føresegnene punkt 3.4.2. – dei grunnleggande prinsippa for årsrekneskapen.

Rekneskapen følger kalenderåret:

- Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret.
- Utgifter og inntekter er førte i rekneskapen med brutto beløp.
- Rekneskapen er utarbeidd i tråd med kontantprinsippet.

Oppstillinga av bevilgnings- og artskontorrapporten er utarbeidd etter dei same prinsippa, men

gruppert etter ulike kontoplanar. Prinsippa er i tråd med krav i føresegnene punkt 3.5 til korleis verksemdene skal rapportere til statsrekneskapen. Sumlinja «Netto rapportert til bevilgningsrekneskapen» er lik i begge oppstillingane.

Alle statlege verksemder er knytte til statens konsernkontoordning i Norges Bank i samsvar med krav i føresegnene punkt 3.7.1. Ordinære forvaltningsorgan (bruttobudsjetterte verksemder) blir ikkje tilførte likviditet gjennom året. Ved overgang til nytt år blir saldoen nullstilt på den einskilde oppgjærskontoen.

## Bevilgningsrapporten

Bevilgningsrapporten viser rekneskapstal som Lotteri- og stiftelsestilsynet har rapportert til statsrekneskapen. Informasjonen blir stilt opp etter dei kapittel og postar i bevilgningsrekneskapen som tilsynet har fullmakt til å disponere. Oppstillinga viser finansielle egedelar og forpliktingar tilsynet står oppført med i statens kapitalrekneskap. Kolonnen for samla løyving viser kva verksemda har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrev for kvar kombinasjon av kapittel/post.

## Artskontorrapporten

Artskontorrapporten viser rekneskapstal som Lotteri- og stiftelsestilsynet har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder. Verksemda har ein trekkrett for disponible løyvingar på konsernkonto i Norges Bank. Tildelingane skal ikkje inntektsførast og blir derfor ikkje viste som inntekt i oppstillinga.

Note 8 til artskontorrapporten viser skilnader mellom avrekning med statskassa og mellomvære med statskassa.

# Bevilgningsrapport for 2019

Utgiftskapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst	Note	Samla løyving	Rekneskap 2019	Meirutgift (-) og mindreutgift
0339	Lotteri- og stiftelsestilsynet	01	Driftsutgifter	A, B	82 915 000	82 874 288	40 712
0339	Lotteri- og stiftelsestilsynet	21	Spesielle driftsutgifter	A, B	10 500 000	12 753 486	-2 253 486
0315	Frivillighetsformål	70	Mva.-kompensasjon (frivillige organisasjonar)	A	1 607 600 000	1 607 243 860	356 140
0315	Frivillighetsformål	82	Mva.-kompensasjon (bygging av idrettsanlegg)	A	288 400 000	272 004 191	16 395 809
1633	Nettoordning for mva. i staten	01	Driftsutgifter		0	6 502 814	
<b>Sum utgiftsført</b>					<b>1 989 415 000</b>	<b>1 981 378 639</b>	

Inntektskapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst	Note	Samla løyving	Rekneskap 2019	Meirinntekt og mindreinntekt (-)
3339	Inntekter frå spel, lotteri og stiftelsar	02	Gebyr frå lotteri	B	6 757 000	8 770 477	2 013 477
3339	Inntekter frå spel, lotteri og stiftelsar	04	Registreringsgebyr frå stiftelsar	B	161 000	221 580	60 580
3339	Inntekter frå spel, lotteri og stiftelsar	07	Inntekter ved oppdrag	B	9 629 000	12 383 000	2 754 000
5568	Sektoravgifter under Kulturdepartementet	71	Årsavgift frå stiftelsar	B	24 215 000	24 609 739	394 739
5568	Sektoravgifter under Kulturdepartementet	73	Refusjon frå Norsk Tipping og Rikstoto		41 197 000	41 197 000	0
5309	Tilfeldige inntekter	29	Ymse		0	4 948 805	
5700	Arbeidsgivaravgift	72	Arbeidsgivaravgift		0	6 674 702	
<b>Sum inntektsført</b>					<b>81 959 000</b>	<b>98 805 303</b>	

<b>Netto rapportert til bevilgningsrekneskapen</b>	<b>1 882 573 336</b>	
Kapitalkontoar		
60075901	Norges Bank KK / innbetalingar	95 402 575
60075902	Norges Bank KK / utbetalingar	-1 976 780 740
703803	Endring i mellomvære med statskassa	-1 195 171
<b>Sum rapportert</b>	<b>0</b>	

Behaldningar rapporterte til kapitalrekneskapen (31.12)

		31.12.2019	31.12.2018	Endring
703803	Mellomvære med statskassa	-3 149 257	-1 954 086	-1 195 171

## Note A Forklaring av samla løyving

Kapittel og post	Overført frå i fjor	Årets tildelingar	Samla løyving
33901	3 248 000	79 667 000	82 915 000
33921	2 085 000	8 415 000	10 500 000
31570	0	1 607 600 000	1 607 600 000
31582	0	288 400 000	288 400 000

## Note B Forklaring til brukte fullmakter og berekning av mogleg overførbart beløp til neste år

Kapittel og post	Stikkord	Meirutgift (-)/ mindreutgift	Utgiftsført av andre etter avgitte belastningsfullmakter (-)	Meirutgift (-)/ mindreutgift etter avgitte belastningsfullmakter	Meirinntekter / mindreinntekter (-) etter meirinntektsfullmakt (justert for eventuell mva.)	Omdisponering frå post 01 til 45 eller til post 01/21 frå neste års løyving	Innsparingar (-)	Sum grunnlag for overføring	Maks. overførbart beløp*	Mogleg overførbart beløp berekna av verksemda
33901		40 712		40 712	2 468 796			2 509 508	3 983 000	2 509 508
33921	«kan overførast»	-2 253 486		-2 253 486	2 754 000			500 514		500 514
31570		0		0				0		
31582		314		314				0		

\*Maksimalt beløp som kan overførast, er 5 % av årets løyving på driftspostane 01–29, unntatt post 24 eller sum av dei siste to års løyvingar for postar med stikkordet «kan overførast». Sjå rundskriv R-2/2013 for å få meir informasjon om overføring av ubrukne løyvingar.

## Forklaring til bruk av budsjettfullmakter

### Stikkordet «kan overførast»

Verksemda si løyving på kapittel/post 33921 er gitt med stikkordet «kan overførast». Beløpet kjem frå tildelingar gitt innanfor dei to siste budsjettåra, og verksemda lét beløpet inngå som ein del av mogleg overførbart beløp.

### Romartalsvedtak

Det er knytt meirinntektsfullmakt til kapittel/post 33901, jf. Prop. 1 S (2017–2018). Løyvinga under kapittel/post 33901 kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter under kapittel/post 333902, 333904 og 556871. Det er knytt

meirinntektsfullmakt til kapittel/post 33921, jf. Prop. 1 S (2017–2018). Løyvinga under kapittel/post 33921 kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter under kapittel/post 333907. Ubrukte meirinntekter kan reknast med ved utrekning av overførbare beløp.

### Mogleg overførbart beløp

Lotteri- og stiftelsestilsynet si ubrukne løyving på kapittel/post 33901, er på samla beløp kr 2 510 000, og dette blir rekna som mogeleg overføring til neste budsjettår ut i frå 5 %-regelen. Beløpet som står på kapittel/post 33921 kan

overførast i sin heilskap då stikkordet «kan overførast» er knytt til kapittel/post. Beløpet inngår i berekninga av mogleg overførbart beløp til neste år. Det er ikkje aktuelt å overføre midlar til neste år frå andre utgiftspostar då desse løyvingane ikkje er overførbare mogleg overføring til neste år er ei berekning, og Lotteri- og stiftelsestilsynet får tilbakemelding frå overordna departement om endeleg beløp.

Løyvingane under kapittel/post 31570 og 31582 er ikkje overførbare.

# Artskontorrapport for 2019

	Note	2019	2018
<b>Driftsinntekter rapporterte til bevilgningsrekneskapen</b>			
Innbetalinger frå gebyr	1	8 992 057	51 242 325
Andre innbetalinger	1	12 383 000	7 838 260
<b>Sum innbetalinger frå drift</b>		<b>21 375 057</b>	<b>59 080 585</b>
<b>Driftsutgifter rapporterte til bevilgningsrekneskapen</b>			
Utbetalinger til løn	2	54 389 629	51 190 275
Andre utbetalinger til drift	3	34 708 350	29 570 803
<b>Sum utbetalinger til drift</b>		<b>89 097 978</b>	<b>80 761 079</b>
<b>Netto rapporterte driftsutgifter</b>		<b>67 722 921</b>	<b>21 680 493</b>
<b>Investerings- og finansutgifter rapporterte til bevilgningsrekneskapen</b>			
Utbetaling til investeringar	5	4 223 802	3 139 325
Utbetaling av finansutgifter	4	5 994	2 679
<b>Sum investerings- og finansutgifter</b>		<b>4 229 796</b>	<b>3 142 005</b>
<b>Netto rapporterte investerings- og finansutgifter</b>		<b>4 229 796</b>	<b>3 142 005</b>
<b>Innkrevjingsverksemd og andre overføringer til staten</b>			
Innbetaling av skattar, avgifter, gebyr m.m.	6	70 669 394	25 428 444
<b>Sum innkrevjingsverksemd og andre overføringer til staten</b>		<b>70 669 394</b>	<b>25 428 444</b>
<b>Tilskotsforvaltning og andre overføringer frå staten</b>			
Utbetalinger av tilskot og stønader	7	1 881 548 051	1 729 652 686
<b>Sum tilskotsforvaltning og andre overføringer frå staten</b>		<b>1 881 548 051</b>	<b>1 729 652 686</b>
<b>Inntekter og utgifter rapporterte på felleskapittel</b>			
Gruppelivsforsikring, konto 1985 (ref. kap. 5309, inntekt)		86 150	87 516
Arbeidsgivaravgift, konto 1986 (ref. kap. 5700, inntekt)		6 674 702	6 311 492
Nettoføringsordning for meirverdiavgift, konto 1987 (ref. kap. 1633, utgift)		6 502 814	5 002 745
<b>Netto rapporterte utgifter på felleskapittel</b>		<b>-258 038</b>	<b>-1 396 263</b>
<b>Netto rapportert til bevilgningsrekneskapen</b>		<b>1 882 573 336</b>	<b>1 727 650 477</b>
<b>Oversikt over mellomvære med statskassa</b>			
<b>Eigedelar og gjeld</b>		<b>2019</b>	<b>2018</b>
Lån til tilsette		0	23 056
Skuldig skattetrekk		-2 023 096	-1 806 162
Skuldig meirverdiavgift		-1 129 192	-170 980
Anna kortsiktig gjeld		3 031	0
<b>Sum mellomvære med statskassa</b>	<b>8</b>	<b>-3 149 257</b>	<b>-1 954 086</b>

# Notar

## Note 1 Inntekter rapporterte til bevilgningsrekneskapen

	2019	2018
<b>Innbetalinger frå gebyr, avgifter og refusjonar</b>		
Gebyr frå lotteri	8 770 477	8 085 765
Saksbehandlingsgebyr ifølge samvirkelova	56 000	28 000
Registreringsgebyr frå stiftelsar	165 580	167 560
Refusjon frå Norsk Tipping *	0	40 463 000
Refusjon frå Norsk Rikstoto *	0	2 498 000
<b>Sum innbetalinger frå gebyr</b>	<b>8 992 057</b>	<b>51 242 325</b>
<b>Andre innbetalinger</b>		
Oppdrag med utvikling av Anleggsregisteret	3 200 000	0
Handlingsplan mot speleproblem	6 283 000	4 670 000
Nasjonal plattform mot kampfiksing	2 900 000	2 900 000
Anna inntekt, refusjonar	0	268 260
<b>Sum andre innbetalinger</b>	<b>12 383 000</b>	<b>7 838 260</b>
<b>Sum innbetalinger frå drift</b>	<b>21 375 057</b>	<b>59 080 585</b>

\* Refusjon frå Norsk Tipping og Norsk Rikstoto blei i 2018 ført på artskonto 370 i staden for 842.

## Note 2 Utbetalinger til løn

	2019	2018
Løn	44 109 306	40 748 005
Arbeidsgivaravgift	6 674 702	6 311 492
Pensjonsutgifter	5 000 844	4 617 628
Sjukepengar og andre refusjonar (-)	-2 503 357	-1 219 935
Andre ytingar	1 108 134	733 085
<b>Sum utbetalinger til løn</b>	<b>54 389 629</b>	<b>51 190 275</b>
Tal årsverk:	63	62



**Note 3 Andre utbetalinger til drift**

	2019	2018
Husleige	6 138 697	6 118 138
Vedlikehold og ombygging av leigde lokale	213 557	313 683
Andre utgifter til drift av eigedom og lokale	1 558 357	1 199 555
Reparasjon og vedlikehold av maskiner, utstyr m.m.	263 666	242 532
Mindre innkjøp av utstyr	490 862	296 193
Leige av datautstyr og system (årlege lisensar m.m.)	4 948 134	4 362 752
Kjøp av konsulenttenester	8 620 095	3 752 273
Kjøp av framande tenester	7 006 487	6 667 125
Reiser og diett	2 279 102	2 443 460
Andre driftsutgifter	3 189 393	4 175 093
<b>Sum andre utbetalinger til drift</b>	<b>34 708 350</b>	<b>29 570 803</b>

**Note 4 Finansutgifter**

	2019	2018
Renteutgifter	5 994	2 679
<b>Sum utbetaling av finansutgifter</b>	<b>5 994</b>	<b>2 679</b>

**Note 5 Utbetaling til investeringar**

	2019	2018
Inventar, datamaskiner (serverar m.m.)	4 223 802	3 139 325
<b>Sum utbetalt til investeringar</b>	<b>4 223 802</b>	<b>3 139 325</b>

**Note 6 Innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten**

	2019	2018
Refusjon frå Norsk Tipping *	38 669 144	0
Refusjon frå Norsk Rikstoto *	2 527 856	0
Avgifter på stiftelsesområdet	24 533 180	24 299 432
Diverse refusjonar	76 559	0
Tilfeldige og andre inntekter	4 862 655	1 129 012
<b>Sum innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten</b>	<b>70 669 394</b>	<b>25 428 444</b>

\* Refusjon frå Norsk Tipping og Norsk Rikstoto blei i 2018 ført på artskonto 370 i staden for 842.

**Note 7 Tilskotsforvaltning og andre overføringer frå staten**

	2019	2018
Mva.-kompensasjon (frivillige organisasjonar)	1 607 243 860	1 423 500 000
Mva.-kompensasjon (bygging av idrettsanlegg)	272 004 191	304 002 686
Tilskot handlingsplan mot speleavhengigheit	2 300 000	2 150 000
<b>Sum tilskotsforvaltning og andre overføringer frå staten</b>	<b>1 881 548 051</b>	<b>1 729 652 686</b>

**Note 8 Samanheng mellom avrekning med statskassa og mellomvære med statskassa**

Del A Skilnaden mellom avrekning med statskassa og mellomvære med statskassa

	31.12.2019 Spesifisering av bokført avrekning med statskassa	31.12.2019 Spesifisering av rapportert mellomvære med statskassa	Skilnad
Omløpsmidlar			
Kundefordringar	112 995	0	547 986
<b>Sum</b>	<b>112 995</b>	<b>23 056</b>	<b>547 986</b>
Kortsiktig gjeld			
Skuldig skattetrekk	-2 023 096	-2 023 096	0
Skuldig meirverdiavgift	-1 129 192	-1 129 192	0
Anna kortsiktig gjeld	3 031	3 031	
<b>Sum</b>	<b>-3 149 257</b>	<b>-3 149 257</b>	<b>0</b>
<b>Sum</b>	<b>-3 036 262</b>	<b>-3 149 257</b>	<b>112 995</b>

Storehagen 1B – Postboks 800, 6805 Førde  
Tlf.: 57 82 80 00  
postmottak@lottstift.no  
lottstift.no



Lotteri- og  
stiftelsestilsynet



Riksrevisjonen

Vår saksbehandler  
John Arild Bertrandsen 22241363  
Vår dato 16.04.2020 Vår referanse 2019/00708-24  
Deres dato Deres referanse

LOTTERI- OG STIFTELSESTILSYNET  
Postboks 800  
6805 FØRDE

### Revisjon av årsregnskapet for Lotteri- og stiftelsestilsynet 2019

Vedlagt følger revisjonsberetningen for Lotteri- og stiftelsestilsynets årsregnskap for 2019.

Riksrevisjonen har revidert virksomhetens regnskap i samsvar med lov og instruks om Riksrevisjonen og internasjonale standarder for offentlig revisjon.

### Offentliggjøring av revisjonsberetning

Revisjonsberetningen er Riksrevisjonens konklusjon på gjennomført finansiell revisjon. Denne revisjonen omfattes ikke av bestemmelsen om utsatt offentlighet i lov om Riksrevisjonen § 18 2. ledd.

Riksrevisjonen vil derfor oppfordre til at revisjonsberetningen publiseres sammen med årsregnskapet.

Etter fullmakt

Åse Kristin Berglihn Hemsén  
ekspedisjonssjef

Harald Haugen  
avdelingsdirektør

*Brevet er ekspedert digitalt og har derfor ingen håndskreven signatur.*

Kopi til: KULTURDEPARTEMENTET



LOTTERI- OG STIFTELSESTILSYNET  
Org. nr.: 982391490

## Riksrevisjonens beretning

### Uttalelse om revisjonen av årsregnskapet

#### Konklusjon

Riksrevisjonen har revidert Lotteri- og stiftelsestilsynets årsregnskap for 2019. Årsregnskapet består av ledelseskomentarer og oppstilling av bevilgnings- og artskontorrapportering, inklusiv noter til årsregnskapet for regnskapsåret avsluttet per 31. desember 2019.

Bevilgnings- og artskontorrapporteringen viser at 1 882 573 336 kroner er rapportert netto til bevilgningsregnskapet.

Etter Riksrevisjonens mening gir Lotteri- og stiftelsestilsynets årsregnskap et dekkende bilde av virksomhetens disponible bevilgninger, inntekter og utgifter for 2019 og kapitalposter pr 31. desember 2019, i samsvar med regelverket for økonomistyring i staten.

#### Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med *lov om Riksrevisjonen, instruks om Riksrevisjonens virksomhet* og internasjonale standarder for offentlig finansiell revisjon (ISSAI 2000–2999). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet under «Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet». Vi er uavhengige av virksomheten slik det kreves i lov og instruks om Riksrevisjonen og de etiske kravene i ISSAI 130 fra International Organization of Supreme Audit Institutions (INTOSAI's etikkregler), og vi har overholdt de øvrige etiske forpliktelsene våre i samsvar med disse kravene og INTOSAI's etikkregler. Etter vår oppfatning er revisjonsbevisene vi har innhentet tilstrekkelige og hensiktsmessige som grunnlag for vår konklusjon.

#### Øvrig informasjon i årsrapporten

Ledelsen er ansvarlig for årsrapporten, som består av årsregnskapet (del VI) og øvrig informasjon (del I–V). Riksrevisjonens uttalelse omfatter revisjon av årsregnskapet og virksomhetens etterlevelse av administrative regelverk for økonomistyring, ikke øvrig informasjon i årsrapporten (del I–V). Vi attesterer ikke den øvrige informasjonen.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vår oppgave å lese den øvrige informasjonen i årsrapporten. Formålet er å vurdere om det foreligger vesentlig inkonsistens mellom den øvrige informasjonen, årsregnskapet og kunnskapen vi har opparbeidet oss under revisjonen. Vi vurderer også om den øvrige informasjonen ser ut til å inneholde vesentlig feilinformasjon. Dersom vi konkluderer med at den øvrige informasjonen inneholder vesentlig feilinformasjon, er vi pålagt å rapportere dette i revisjonsberetningen.

Det er ingenting å rapportere i så måte.



## Ledelsens og det overordnede departementets ansvar for årsregnskapet

Ledelsen er ansvarlig for å utarbeide et årsregnskap som gir et dekkende bilde i samsvar med regelverket for økonomistyring i staten. Ledelsen er også ansvarlig for å etablere den interne kontrollen som den mener er nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Ledelsen og det overordnede departementet har det overordnede ansvaret for at virksomheten rapporterer relevant og pålitelig resultat- og regnskapsinformasjon og har forsvarlig internkontroll.

### Riksrevisjonens oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet

Målet med revisjonen er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som gir uttrykk for Riksrevisjonens konklusjon. Betryggende sikkerhet er et høyt sikkerhetsnivå, men det er ingen garanti for at en revisjon som er utført i samsvar med *lov om Riksrevisjonen, instruks om Riksrevisjonens virksomhet* og internasjonale standarder for offentlig finansiell revisjon, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon blir ansett som vesentlig dersom den, enkeltvis eller samlet, med rimelighet kan forventes å påvirke de beslutningene brukere treffer på grunnlag av årsregnskapet.

Vi utøver profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom hele revisjonen, i samsvar med *lov om Riksrevisjonen, instruks om Riksrevisjonens virksomhet* og internasjonale standarder for offentlig finansiell revisjon.

Vi identifiserer og anslår risikoene for vesentlig feilinformasjon i årsregnskapet, enten den skyldes misligheter eller utilsiktede feil. Videre utformer og gjennomfører vi revisjonshandlinger for å håndtere slike risikoer og innhenter tilstrekkelig og hensiktsmessig revisjonsbevis som grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentlig feilinformasjon ikke blir avdekket, er høyere for feilinformasjon som skyldes misligheter, enn for feilinformasjon som skyldes utilsiktede feil. Grunnen til det er at misligheter kan innebære samarbeid, forfalskning, bevisste utelatelser, feilpresentasjoner eller overstyring av intern kontroll.

Vi gjør også følgende:

- opparbeider oss en forståelse av den interne kontrollen som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige ut fra omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om hvor effektiv virksomhetens interne kontroll er
- evaluerer om regnskapsprinsippene som er brukt, er hensiktsmessige, og om tilhørende opplysninger som er utarbeidet av ledelsen, er rimelige
- evaluerer den totale presentasjonen, strukturen og innholdet i årsregnskapet, inkludert tilleggsopplysningene
- evaluerer om årsregnskapet representerer de underliggende transaksjonene og hendelsene på en måte som gir et dekkende bilde i samsvar med regelverket for økonomistyring i staten

Vi kommuniserer med ledelsen, blant annet om det planlagte omfanget av revisjonen og når revisjonsarbeidet skal utføres. Vi vil også ta opp forhold av betydning som er avdekket i løpet av revisjonen, for eksempel svakheter av betydning i den interne kontrollen, og informerer det overordnede departementet om dette.

Når det gjelder forholdene som vi tar opp med ledelsen og informerer det overordnede departementet om, tar vi standpunkt til hvilke som er av størst betydning ved revisjonen av årsregnskapet, og avgjør om disse skal regnes som sentrale forhold ved revisjonen. De beskrives i så fall i et eget avsnitt i revisjonsberetningen, med mindre lov eller forskrift hindrer offentliggjøring. Forholdene omtales ikke i beretningen hvis Riksrevisjonen beslutter at det er rimelig å forvente at de negative konsekvensene av en slik offentliggjøring vil være større enn offentlighetens interesse av at saken blir omtalt. Dette vil bare være aktuelt i ytterst sjeldne tilfeller.

Dersom vi gjennom revisjonen av årsregnskapet får indikasjoner på vesentlige brudd på administrative regelverk med betydning for økonomistyring i staten, gjennomfører vi utvalgte revisjonshandlinger for å kunne uttale oss om hvorvidt det er vesentlige brudd på slike regelverk.

## Uttalelse om øvrige forhold

### Konklusjon knyttet til administrative regelverk for økonomistyring

Vi uttaler oss om hvorvidt vi er kjent med forhold som tilsier at virksomheten har disponert bevilgningene på en måte som i vesentlig grad strider mot administrative regelverk med betydning for økonomistyring i staten. Uttalelsen gis med moderat sikkerhet og bygger på ISSAI 4000-serien for etterlevelsesrevisjon. Moderat sikkerhet for uttalelsen oppnår vi gjennom revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi finner nødvendige.

Basert på revisjonen av årsregnskapet er vi ikke kjent med forhold som tilsier at virksomheten har disponert bevilgningene i strid med administrative regelverk med betydning for økonomistyring i staten.

Oslo; 16.04.2020

Etter fullmakt

Åse Kristin Berglihn Hemsén  
ekspedisjonssjef

Harald Haugen  
avdelingsdirektør

*Brevet er ekspedert digitalt og har derfor ingen håndskreven signatur*